

KULTUR



ARV



Kommunedelplan for kulturarven i Vanylven kommune

© Vanylven kommune

Tekst: Rådgjevande Arkeologar ANS, landbruksrådgjevar Randi Aarønæs, kulturkonsulent Helle Frogner

Kart: Rådgjevande Arkeologar ANS

Foto: Helle Frogner

Grafisk utforming: Blåmyra

Årstal: 2020

Forsidefoto: 5.1 GEIL, LADE, SØRDALEN, GBNR 91/1
Kraftig og godt bevart geil frå tunet til 91/1. Geila går opp til bøgarden som skil innmark frå utmark. Der geila går over i bøgarden, ser ein også murar etter ein bygning.



Forord

Kulturminneplanen du no les i har eg gleda meg til å vise fram. Bak arbeidet med denne ligg det mykje grubling, fellesskap, dugnadsarbeid, nye oppdagingar, og stadig veksande stoltheit over kva historier vi endeleg får syne omverda; godt systematisert og dokumentert med vakre bilde.

Som ordførar vil eg gjerne takke dei mange frivillige som har stått på for at vi skal kunne få vise fram alt det vakre vi har av historisk verdi. Takk til alle private eigarar som står på for å bevare bygningar, steingardar og kulturlandskap, og til alle som har skrive ned viktige historier. Ein ekstra takk vil eg gjie til sogelaga som har bidrege med umåteleg mykje entusiasme, arbeidslyst og iver. Alle som verdset og tek vare på kulturarven skal ha takk for at vi no kan presentere ei flott samling kulturminne frå heile Vanylven.

FN sine berekraftsmål gir ei overordna ramme for den strategiske utviklinga av Vanylven kommune framover, og dette vil prege alt planarbeid, og såleis vala vi tek for framtida. I fortida sin berekraftstanke var målet å overlata garden i litt betre stand enn den var når ein sjølv tok over. Vår generasjon lyt sette på bremsene i høve vidare utvikling, men sjå meir på kva jorda vår treng for å gjie etterkomarane same sjansane som vi har hatt. Kunnskap om historia vår er viktig. Vi treng å vite litt om korleis forfedrane har levd sitt liv, og korleis dei har jobba for å utvikle samfunnet, og kva konsekvensar utviklinga har hatt, slik at vi skal kunne ta gode val for dei som kjem etter oss.

Arbeidet med kulturminneplanen fyl det nasjonale målet om at alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljøet, vårt felles gode og felles ansvar. Deltaking og demokrati gjennom frivillig innsats, medverknad og samskaping er viktig for kulturmiljøet i Vanylven, og er med på å legge til rette for eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn, der vi tek vare på fellesskapet sine verdiar, samtidig som vi fremjar inkludering og førebygger utanforskap. I kommunen er det kulturkonsulent og landbruksrådgjevar som har vore primus motor. Dei har synt stor interesse for kultur, menneske, historier og foto, og har drege i trådane frå start og fram til eit endeleg resultat. Avgjerande for det gode resultatet er samspelet mellom kommune og dugnadsånd. Samarbeidet som har ført til kulturminne-

planen er eit godt døme på at frivilligheit og det offentlege i samarbeid oppnår betre resultat enn om kommunen skulle stå for dette åleine. Dette er framtida sin måte å tenkje på, og eitt steg på vegen inn i Kommune 3.0, dit samfunnet no er på veg.

I Vanylven finst det spor tilbake til den eldste delen av steinalderen. Kulturminneplanen viser korleis ein har levd liva sine i Vanylven i eldre tider. Vi ser på korleis levesettet har utvikla seg, i høve til verda rundt oss.

Undrar du deg på kva byggeskikkar her finst spor av? Korleis har landskapet endra seg? Vi har 5 kyrkjer i kommunen vår, og fleire har her vore. Korleis praktiserte vi religion i Vanylven, på same tid som vi dreiv med heksebrenning og harde domar av våre medborgarar? I planen kan du lese om krig- og fredstid, du finn kunnskap om gruvedrift i kommunen tilbake til midten av 1700-talet og du finn historia om korleis Inger av Austrått miste livet i ein av våre fjordar. Her er oversikt over museum, kyrkjer og rettarstadar, gardsminner og utvikling av samferdsle. Du finn rett og slett ei lita historiebok, som vi alle burde lese og lære av.

Med kunnskap om fortida bygger vi ei betre framtid. Nytt kunnskapen denne kulturminneplanen gir deg til å formidle vår historie vidare til andre. Vi har å skjemma over og vi har å vere stolte av, og det er ein verdi i å kjenne på kva historia har gjort oss til.

Beste helsing

Lena Landsverk Sande
Ordførar Vanylven



INNHALD

FORORD	3	KAPITTEL 12	74
Innleiing	7	Krigsminne frå 2. verdskrig	
Mål med planen	8	KAPITTEL 13	78
KAPITTEL 1	12	Rettarstader	
Automatisk freda kulturminne		KAPITTEL 14	80
KAPITTEL 2	20	Hus og stader knytt til kjende personar	
Gardstun og bygningar knytt til gardstunet		KAPITTEL 15	84
KAPITTEL 3	32	Museum og samlingar	
Kvernhus		KAPITTEL 16	88
KAPITTEL 4	34	Litteratur	
Fjellgardar og husmannsplassar		KAPITTEL 17	92
KAPITTEL 5	36	Fjell og utmark	
Steingardar, geiler og vardegardar		LISTE KULTURMINNE	96
KAPITTEL 6	40	KART	116
Sjøbruk- naust, sjøbuder og båtstøer		LITTERATURLISTE	146
KAPITTEL 7	44	HANDLINGSDEL	
Kyrkje og religion		sjå eiga publikasjon	
KAPITTEL 8	50		
Skular og forsamlingshus			
KAPITTEL 9	56		
Handel, service og kommunikasjon			
KAPITTEL 10	64		
Teknisk- og industrielle kulturminne			
KAPITTEL 11	70		
Samferdsel- vegar og vegbygging			



Kulturminne er spor etter levd liv

INNLEIING

Staden vi veks opp, menneske vi omgir oss med, tradisjonar og historiene om kor vi kjem frå er med på å forme kven vi er som menneske. Det gir oss rotfeste i livet og oppleving av at vi høyrer til. Kulturarven famnar heile historia. Kulturminne og kulturmiljø kan gi ei oppleving av å høyre til i lokalsamfunnet, ei kjensle av samhald på tvers av tid og rom. Noko som igjen kan opne for nye perspektiv gjennom undring og refleksjon. Akkurat som vi menneske har ein eigen identitet, har alle stader sine kvalitetar og særpreg. Kulturmiljøpolitikken generelle verdi-grunnlag bygger på at kulturmiljø representerer både miljø-messige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar, som er ein ressurs for samfunnsutvikling. Kulturmiljø har påverka på enkeltmenneske sin identitet, trivsel og sjølvforståing, gir stader særpreg og eigenart, og er ein ressurs for lokalsamfunns- og næringsutvikling. Gjennom god og heilskapleg samfunns-planlegging vil kulturarv kunne være ein positiv ressurs og ein del av løysninga på vår tids samfunnsutfordringar.

Mål med planen

¹Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi
²St. Melding 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken

FORMÅL MED PLANEN

Formålet med planen er å få ei oppdatert oversikt over kulturminne av lokal verdi i Vanylven kommune, og sjå korleis kulturarven representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier som er ein ressurs for samfunnsutviklinga.

BAKGRUNN FOR KOMMUNEDLPLAN FOR KULTURARVEN

Det er Klima- og miljøverndepartementet i lag med Riksantikvaren, som gjennom satsinga Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga oppmoda kommunane til å utarbeide lokale kulturminneplanar. Prosjektet er eit resultat av Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon Dokument 3:9 (2008-2009). Riksrevisjonens undersøking av korleis Miljøverndepartementet ivaretek det nasjonale ansvaret sitt for freda og verneverdig bygningar, kor det vart peika på mangelfullt kunnskapsgrunnlag i kulturminneforvaltinga.¹ Målsettinga er å auke kunnskapen og merksemda om kulturminne, og at planane skal vere verktøy i forvaltning av kulturminne lokalt. Plan i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern.

GLOBALE BEREKRAFTMÅL SOM PREMISS

I 2015 vedtok FN sine 17 mål for bærekraftig utvikling fram mot 2030. Måla gjeld for alle land og ser miljømessige, sosiale og økonomisk bærekraftig utvikling i samanheng. FN sine bærekraftsmål gjev ei overordna ramme for den strategiske utviklinga av Vanylven kommune. Bærekraftig utvikling inneberer ei samfunnsutvikling der dagens behov skal dekkast utan å øydelegge moglegheit for at komande generasjonar skal få dekt sine behov. Innsats for å verne om og sikre verdas kultur og naturarv er omtalt i eit eige delmål under bærekraftsmål 11 Bærekraftige byer og samfunn. Kulturmiljø bidrar også til måloppnåing innafor fleire av dei andre bærekraftsmåla. Agenda 2030 framhevar at kultur, kulturarv og kreativitet har betydning for menneska, og har eit stort potensiale for å bidra til å nå måla innafor fleire av dei 17 bærekraftsmåla.²

Den sosiale dimensjonen i bærekraftsombegrepet inneheld både det sosiale og kulturelle aspektet. Kulturarvens potensiale for sosial bærekraft ligg hovudsaklig i kva betydning kulturarven har for identitet, tilhøyring, livskvalitet og helse for alle. Dei fysiske omgjevnadene legg ramma for menneskets liv og livskvalitet. Korleis stader og nærmiljø utviklar seg betyr mykje for folk si helse.



Ei visuell framstilling av kulturarven si betydning for bærekraftig utvikling slik det kjem fram i rapporten Cultural Heritage Counts for Europe. Kjelder: St. melding 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken.

Verdiskaping basert på kulturarv er tema i fleire utviklingsstrategiar og prosessar for stadsutvikling og næringsliv. I følgje rapporten Getting Cultural heritage to work for Europe, som er eit sentralt grunnlagsdokument i EUs rammeprogram for forskings- og utviklingsarbeid, viser dei til at kulturarven i aukande grad bidrar positivt til det europeiske bruttonasjonalproduktet. Det ligg eit potensiale i kulturbasert næringsutvikling i alt frå eigedom, landbruk og matproduksjon, reiseliv og mykje meir. I følgje FN sine turismeorganisasjon UNWTO (The World Tourism Organization) er kulturisme på verdsbasis dominert av opplevingar basert på kulturarv.³ NOU rapporten «Mot eit bærekraftig reiseliv – Veikart frå reiselivsnæringa i Noreg» kjem med forslag til korleis reiselivet kan realisere visjonen om eit bærekraftig reiseliv. Med kulturarven og naturen i Vanylven, med blant anna rundt 100 merka løyper i fjella ligg det eit stort potensiale.

Menneskeleg påverknad på omgjevnadane er no så dominerande at tap av naturmangfald og ei global klimakrise har blitt vår tids største utfordringar. Kulturmiljø må sjåast i samanheng med resten av klima- og miljøforvaltinga i kommunen. Både av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi vil det vere samfunnsnyttig å legge til rette for gjenbruk og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø, som ein del av ei satsing på sirkulær økonomi. Auka vektlegging av gjenbruk av den eksisterande bygningsmassen, er eit viktig bidrag i arbeid med å redusere klimagassutslepp. For å stanse tap av naturmangfald kan vedlikehald av kulturmiljø og kulturlandskap bidra for å oppretthalde artar og naturtypar. Vern gjennom bruk, framtidig bruk, innovativ bruk og gjenbruk, er derfor eit viktig prinsipp for ei bærekraftig samfunnsutvikling.⁴

RAMMER FOR PLANEN

St. melding 16 – Nye mål i kulturmiljøpolitikken (2019-2020)

Formålet med stortingsmeldinga er å presentere nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken og å tydeleggjere kulturmiljøfeltet, som ein viktig del av klima- og miljøpolitikken.

Nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken er:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø
- Kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

³St. melding 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken
⁴St. melding 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Meldinga innfører omgrepet kulturmiljø som ein samlebetegnelse. Kulturmiljø dekker omgrepa kulturminne, kulturmiljø og landskap, og vert brukt når feltet skal omtalast som heilheit. Omgrepet understreker det viktige av å sjå heilheit og samanhengar.

Dei nye måla syner kva Noreg ynskjer å oppnå med kulturmiljøpolitikken og korleis kulturmiljø bidrar til å fremje ei positiv og berekraftig samfunnsutvikling. Måla tydelegger Noregs ambisjonar og ansvar i lys av internasjonale avtalar og konvensjonar som FN's berekraftsmål, Europarådets rammekonvensjon og kulturarvens verdi for samfunnet (Faro-konvensjonen) og den europeiske landskapskonvensjonen.

SENTRALE LOKALE FØRINGAR

- Kommunal planstrategi for Vanylven kommune 2016-2020.
- Kommuneplan til 2020 - Samfunnsdelen
 - Med strategi for kulturminneatlas, kulturminne i dagleglivet og kulturbasert næringsutvikling
- Kommuneplan til 2020 - Arealdelen

SENTRALE REGIONALE FØRINGAR

- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi (T-33/15)
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal 1994. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024

SENTRALE NASJONALE FØRINGAR

- Lov om kulturminner (LOV 1978 nr50)
- Plan- og bygningslova
- Naturoppsynsloven (1996) Om forvalting av naturens mangfald (Naturmangfaldsloven) (2009)
- Forvalting av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø, Rundskriv nr. T-3/00

AVGRENSING OG OPPBYGGING AV TEMATISK DEL

Planen har fått ei tematisk inndeling. Det betyr at dei utvalde kulturminna er ordna tematisk og ikkje geografisk. Den tematiske oppbygginga fører til at kulturminne innanfor eit avgrensa område vert omtalt under ulike tema, og ikkje omhandla som eitt kulturmiljø. Å organisere kulturminna etter tema er ein praktisk måte å gjere det på, og kulturminne vert kategorisert på denne måten i kulturminneforvaltninga på regionalt og nasjonalt nivå. Kulturminne som inngår i ein større heilskap har gjerne meir verdi enn einskiltminne, det er derfor ei målsetjing å arbeide vidare med å definere kulturmiljø.

Planen omfattar meir enn 350 kulturminne. Alle er representert i listeform, mens eit utval er representert med bilete og meir utfyllande informasjon. Kvart einskilt kulturminne har fått eit nummer, som syner til markering på kart. Nokre kulturminne manglar kartfesting, dette gjeld særleg kulturminne i fjell og utmark. Det er ei målsetning å jobbe vidare med dette.

Ein kan dele kulturminne i to hovudkategoriar: materielle og immaterielle kulturminne. Materielle kulturminne er handfaste kulturminne ein kan ta og røre på, til dømes bygningar, gravhaugar, vegar og gjenstandar. Med immaterielle kulturminne meiner ein slike som eksisterer som tanke, handling og lyd - til dømes song, soger og ulike former for kunst og handverk. Planen inneheld for det meste materielle kulturminne. Det er ei målsetning å jobbe vidare med immaterielle kulturminne.

PLANTYPE OG PLANEN SIN RETTSVERKNAD

Planen vert utarbeidd som kommunedelplan etter prosesskrava i plan- og bygningsloven, kapittel 11. Planen vil ikkje gje kartfesta rammer eller retningsliner for framtidig

utbygging. Planarbeidet vil såleis ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jamfør PBL § 4-2. Planen skal leggast til grunn for kommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunen si planlegging. Planen i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern av kulturminne, men kan peike på behov for dette. Tidshorisont for planen er åtte år, medan handlingsdelen skal rullerast kvart fjerde år.

MANGFALD OG BEVARINGSSTRATEGI

I forvaltninga er det snakk om kulturminne med nasjonal, regional og lokal verdi. Kulturminne av nasjonal verdi skal vere eit representativt utval som syner breidda i landet si historie. Desse kulturminna er i større grad verna av lovverk og forvalta på eit høgare nivå. På same måte skal kulturminne med regional verdi spegle regionen si historie og utviklingstrekk. Kulturminne av lokal verdi er først og fremst viktig for lokalsamfunnet det ligg i.

Innføringa av reformasjonen i 1537 er grunnlaget for skiljet mellom automatisk freda- og nyare tids kulturminne. Alle kjende og enno ikkje kjende, faste- og lause kulturminne eldre enn 1537 har eit automatisk vern gjennom kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50). Om ikkje anna er avgjort av vernestyresmaktane, gjeld fredinga sjølve kulturminnet og ei sone på 5 meter rundt. Nyare tids kulturminne, yngre enn 1537, har med noen få unntak ikkje automatisk vern.

Vanylven kommune har gjennom den langsiktige arealplanlegginga og byggesakshandsaminga eit stort ansvar for å ivareta og legge til rette for bruk av kulturmiljø i areal- og samfunnsplanlegging. Det som vert teke vare på skal vise eit kulturelt, sosialt og geografisk mangfald frå ulike tidsperiodar og er ressursar og grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Fortsatt bruk og verdiskaping er ei av dei beste måtane å ta vare på kulturmiljø. Utan eigarar som ser nytteverdi i bygningar, anlegg eller fortsatt drift av jordbrukslandskap, kan kulturhistoriske verdiar forsvinne. Private eigarar gjer ein stor innsats for bevaring av kulturminne i Vanylven kommune. I møte med eigarar skal forvaltninga vere løysingsorientert, og i størst mogleg grad bidra til å sikre vidare bruk.

DEMOKRATI OG MEDVERKNAD

Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha høve til å engasjere seg og å ta ansvar for kulturmiljø. Kulturmiljø er eit felles gode og eit felles ansvar. Deltaking og demokrati gjennom frivillig innsats, medverknad og samskaping er viktig for kulturmiljøet i Vanylven, og for å legge til rette for eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn.

Private eigarar av kulturminne og kulturmiljø gjer ein uvurderleg innsats for å ta vare på ein viktig del av kulturarven i Vanylven også på vegne av fellesskapet. Engasjement og dugnadsinnsats frå private eigarar og frivillige er den viktigaste grunnen til at mange kulturmiljø fortsatt eksisterer.

Frivilligheita er ein viktig arena og møteplass for å legge til rette for menneske sin rett til å bevare og ta del i eigen kulturarv. Frivillig arbeid bidreg også til å ivareta kulturmiljø, det fremjar inkludering og førebygger utanforskap. Det er mellom anna påvist at kulturmiljøarbeid kan ha ein betydelig helseeffekt og at fellesskapa er viktige sosiale arenaer.⁵

Det er første gong Vanylven kommune utarbeider ein kommunedelplan for kulturarv. Planen inneheld ikkje eit fullstendig og komplett oversyn over kulturmiljø i kommunen, men representerer eit utval som er innmeldt av innbyggjarar i Vanylven kommune. Det har vore lagt stor vekt på å inkludere innbyggjarane i Vanylven kommune i utforminga av planen. I arbeidet med kartlegging av kulturminne av lokal verdi har det vore arrangert folkemøte og feltmøte, med representantar frå sogelaga og fylke. Gjennom lokalavisa Synste Møre, sosiale media og Vanylven kommune si heimeside har ein oppmoda folk om å kome med innspel til planen, og informert om pågåande planarbeid. Arbeidsgruppa, som står bak innhaldet i planen, har bestått av ein representant frå kvart sogelag og bygdene, politisk representant, landbruksrådgjevar og kulturkonsulent i kommunen. Mange, ikkje minst arbeidsgruppa og dei ulike sogelaga, har med stor kunnskap og engasjement, gjort ein imponerande innsats i arbeidet.


⁵St. melding 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken

KAPITTEL 1

Automatisk freda kulturminne



Trinnøks funne på Indre strand, B15882.
Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen.



Ei utgraving i 1975, ved Svein Indrelid, avdekket fleire flotte funn frå siste del av yngre steinalder/eldre bronsealder (B13314) på Syvdsnes, gnr 121.
Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen.

I Vanylven kommune er det registrert 123 automatisk freda lokalitetar i Askeladden og alle er med i kommunedelplanen. Desse er synt på kartet med id nr. Det er viktig å vere merksam på at Askeladden syner berre dei fornminna som er kjende, truleg er det seg mange spor etter førhistorisk tid som enno ikkje er registrert og kartfesta. Dette kapitlet tar føre seg dei ulike førhistoriske periodane og knyter dei opp mot gjenstandsfunn og kjende faste fornminne frå Vanylven kommune.

STEINALDEREN 10 000–1800 F. KR

Eldre steinalder (10 000–4000 f. kr)

For dei fyrste menneske i Noreg var næringsgrunnlaget jakt, fangst og fiske og dei heldt hovudsakleg til i sjøkanten. Ressursane i havet var svært viktige, dei sikra stabil og god tilgang på mat, i tillegg var sjøen ei viktig kommunikasjonsåre. Ressursane i innlandet og høgfjellet vart også nytta, her hadde ein tilgang på trevirke, hjort og reinsdyr.

Det er oftast gjenstandsfunn vi finn frå denne perioden og dei mest typiske er eggreiskapa i stein: flint, kvartsitt, kvarts, knivar og skraparar, eller seigare bergartar som grønstein og diabas i øksar. Lokalitetane er sjeldan synlege og for å finne dei må ein vite kvar ein skal sjå. Typisk ser ein etter lune vikar med gode hamner og så må ein vite kvar strandlinja var i den aktuelle tidsperioden.

Spora etter den eldste delen av steinalderen i Vanylven er få, på Slagnes er det registrert ein lokalitet med funn av flint som, truleg, er frå eldre steinalder (ASK id nr 144843). Vidare er det funne fleire trinnøkser, mellom anna på Hundnes (B9572 og B9554) og Indre Strand (B15882). Trinnøkserne er knytt til den mellomste og siste delen av eldre steinalder.

Yngre steinalder (4000–1800 f.kr)

Ein reknar at yngre steinalder byrjar kring 4000 f. kr og perioden er karakterisert ved innføring av jordbruk og husdyrhald. Dei aller første spora er vage og ein finn dei helst i dei gode jordbruksbygdene på Østlandet. Mot slutten av yngre steinalder, kring 2000 f. kr, reknar ein at jordbruket også har fått godt grep om Vestlandet. I løpet av denne perioden ser ein ei endring i reiskapsmateriale, ein finn no slipte flint- og bergartsøkser, slipte skiferspissar og keramikk i det arkeologiske funnmateriale.

BRONSEALDER 1800–500 F. KR.



B6871, ei tverrøks av flint, slipt. Funne under vegarbeid ved Krabbestien.
Foto: ©2019 Universitetsmuseet i Bergen.



Til venstre: B697, flintdolk, funne på Ytre Myklebust, gnr 7. Over: B12927, flintdolk på Hundnes gnr. Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen.



Tekst: Biletet over syner B9315, ei holkøks (celt) i bronse, funne på Sylte, gnr 25. Biletet til venstre er ein kopi av ei holkøks funne på Haram (foto og reproduksjon av Ørjan Engedal).



Døme på korleis spora etter eit treskipa langhus kan sjå ut. I bakre del er det laga ein enkel rekonstruksjon som syner korleis husa var bygde.



Kokegrop med datering frå bronsealder avdekket under ei arkeologisk undersøking på Giske, Møre og Romsdal (Foto: Trond Eilev Linge © 2020 Universitetsmuseet i Bergen)

Det er sjeldan spora etter dei første bøndene er synlege på markoverflata. Typisk finn ein stolpehol, kokegropar og dyrkningsspor under matjorda, ved maskinell flateavdekking. Det vil seie at ein fjernar matjorda med gravemaskin og så syner strukturane seg som fyllskifter i undergrunnen.

Endringane i levestet er også representerte i gjenstandsmateriale, til dømes eit lett atkjenneleg gjenstandssett i importert flint frå Danmark: dolkar, sigdar, pil- og spydspissar. Samfunna synest å verte meir komplekse med varehandel over lange avstandar og metallteknologi. Bronse blir innført som ein ny verdimålar og ein får smykke og våpen laga i bronse. I denne perioden kjem dei store og godt synlege gravrøysene eller gravhaugane. Dei er ofte plasserte godt synlege langs ferdselsåre og er eit uttrykk for eit meir lagdelt samfunn.



På Littlebøen gnr 73, er det funne ei støypeform til ei holkøks, B9419, biletet til venstre syner original støypeform. Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen. Funnet syner at folk her ikkje berre var ein del av handelsnettverket, men at ein også produserte øksar. Bilda over syner ein kopi av støypeforma i keramikk, kjernen som dannar holk i øksa, også i keramikk, ei holkøks støypt i bivoks og smeltedigel i keramikk. Foto og reproduksjonar av Ørjan Engedal.


JERNALDER (500 F. KR–1050 E.KR)

Eldre jernalder (500. f. kr– 550 e.kr)

Den eldste perioden av eldre jernalder vert kalla førromersk jernalder, denne varte til kring år 0. Ein kjenner relativt få gravfunn frå denne perioden. Lenge trudde ein det skuldast nedgangstider, men nyare arkeologiske undersøkingar og forskning syner at det tvert om har vore ein ekspansjon og truleg aukande folketal. Årsaka til dei få gravfunna bør heller sjåast i samband med ei endring i gravskikken- ein gjekk frå å byggje store synlege gravhaugar, med gravgods, til kremasjonar. Dei brende beina vart samla i urner og gravlagt under flat mark eller i gravhaugar frå bronsealderen, nesten utan gravgods. I løpet av perioden byrjar ein å utvinne jern frå myrmalm i fjellstroka og jarn vert etterkvart det dominerande råstoffet til våpen og reiskap.

Jordbruket var ekspansivt, når jorda vart utarma og husa dårlege, flytta ein, sette opp nye hus og dyrka nye område. Folk budde framleis i treskipa langhus, typisk 10-20 m langt og om lag 5-7 m bredt. Ofte var husa delt i to av eit inngangsparti på midten av langsida. I den eine delen budde folk og den andre delen vart nytta som fjøs. I tilknytning til langhusa var det gjerne ein eller fleire mindre bygningar, til dømes verkstad, treskehus eller lagerbygningar.

Under ei utgraving på Fiskå i 1998 (Ask id nr 144835, gbnr 11/4,5), fann arkeologane spor etter to langhus frå førromersk jernalder. Det eldste huset er datert til 195 f. Kr, det var om lag 13 m langt og 5,5 m bredt. Truleg var bustaddelen i vest, mens dei hadde dyr i den austlege delen. Det andre huset er datert til 180 f. Kr og var noko større, truleg om lag 16 m langt. I tillegg til desse to langhusa, vart det funne spor etter to langhus frå romartid, eit treskipa og eit toskipa. På utgravingsområdet vart det også påvist ei stor mengde stolpehol som truleg er spor etter fleire andre hus og bygningar og gjerder. Ei rekkje eldstader, koke- og avfallgroper, samt ardspor vart også avdekkja. Fiskå ligg sentralt til ved Vanylvsfjorden og nyare arkeologiske registreringar syner at det har vore eit attraktivt område heilt tilbake til yngre steinalder.



Døme på korleis eit treskipa langhus kunne sjå ut. Modellen til venstre syner stolpehola, som er spora arkeologane finn etter desse husa.

I ei gravrøys på garden Knardal, gnr 114, vart det funne eit spannforma leirkar, B6033, under ei lita helle.




Tekst: Biletet under syner ein del av innmarka på garden Knardal, gnr 114, bnr 5. Under markoverflata her skjuler det seg spor etter gardsbusetnad og anna aktivitet frå ein periode på over 800 år! Ei arkeologisk undersøking i 1994 avdekkja kokegropar, eldstader, grav og spor etter minst 5 bygningar. Den eldste dateringa er frå ei kokogrop, datert til 530 f. Kr, altså til siste del av yngre bronsealder. Eit av dei 5 husa som vart avdekkja, er eit 45 m langt treskipa langhus, orientert aust-vest. Huset er datert til 300 e. Kr, noko som plasserer det i yngre romartid og er eit av dei største husa som er registrert på Sunnmøre. Ein annan, mindre bygning er datert til førromersk jernalder, år 130 f. Kr (Ask id nr 129466). Garden Knardal ligg sentralt plassert i høve til leia og her er gode forhold for jordbruk. Det er tidlegare registrert ei rekkje gravminne på garden (fjerna), ein bautastein (flytta) og ei nausttuft (fjerna).

Ein reknar at romartid byrjar kring år 0 og varer til kring 400 e.Kr. Kring 200 e. Kr. kjem ei endring i gravskikken, på ny vert det vanleg med brende eller ubrende graver under store haugar eller røysar, med rikt gravgods. Mennene vart gjerne gravlagde med fullt våpensett og kvinnene med vakre smykke og rikt gravgods. Ut i frå gravgodset ser ein at det er auka handel og kontakt med Romarriket, bronsekjellar, glas og våpen har funne veg nordover. Truleg har samfunnet vore organisert kring storfamilien og dei rike gravene vitnar om eit meir lagdelt samfunn. På gardane vart langhusa større og meir solide og åkrane meir permanente. Busetjingane fekk ein større stabilitet og flytta ikkje like ofte som i førromersk jernalder. Truleg var det i denne perioden at omgrepa eigedomsrett til jord og arv oppstod, noko som gjorde at enkelte slekter, over tid, enklare kunne byggje seg opp rikdom, posisjon og makt i samfunnet. Rike gravfunn er gjerne gjort på område med god og lettdrive jord.

Folkevandringstid avløysar romartid og varer fram til kring 550. Ute i Europa er det urolege tider. I Noreg er dei mange skattefunna og bygdeborgene frå perioden også rekna som eit uttrykk for urolege tider med eit organisert forsvar for enkelte bygdelag eller større geografiske område. Perioden er likevel prega av ekspansjon og truleg også ei aukande spesialisering. Både leirkarproduksjon, smykkeframstilling og våpensmiing må ha vore spesialhandverk. Karakteristisk for perioden er mellom anna dei spannforma leirkara.

Det er registrert mange førhistoriske gravminne i Vanylven, dei utan gjenstandsfunn er vanskeleg å datere, då dei opptrer i ulike periodar frå bronsealder fram til og med vikingtid. Ofte er dei plasserte på strategiske stader, godt synlege frå ferdselsårer, som leia langs kysten.





Gravrøysa på Syvdsnes, kalla Kongerøysa (Ask id nr 6092), har ei klassisk plassering: godt synleg frå den indre leia, samstundes som den markere innseglinga til Syvdefjorden. Gravrøysene på Bjørlykka (Ask id nr 60577) har også ei sentral plassering langs den indre leia.



På Hundsnes er det registrert eit større gravfelt med kring 29 graver og 1 hustuft (Ask id nr 256553). Dei fleste gravene er låge, jordblanda røyser. Nordaust i feltet er ei langrøys (Fetts fk.nr 5), der ser ein enno ei open, mannslang steinkiste. På 1940-talet gjorde Per Fett ei arkeologisk undersøking i hustufta, det var relativt få funn, mellom anna ein kljåstein og del av eit leirkar, mogleg spannforma (B10040). På 1970-talet vart det gjort undersøkingar i to av røysene på bruk nr 4, men det vart ikkje gjort gjenstandsfunn.

Gravfeltet ligg fint plassert i terrenget med vidt utsyn over Vanylvsfjorden og over til Stadlandet og mot Vanylvsfjorden og ytste del av Syltefjorden. Hundsneslegnene er saman med Ask id nr 103280 og Ask id nr 129466, busetnadsspor på Sandnes og i Knarrdal, tre utvalde automatisk freda kulturminne i Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal. Bilete til venstre syner steinkista gravrøys nr 5, bilete over og under viser oversyn over deler av gravfelt og utsyn mot Stadlandet. Biletet under til venstre er teke under utgravinga til Per Fett (foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen).





Yngre jernalder (550–1050 ekr)

Overgangen til merovingertid, og med det, yngre jernalder, er eit av dei tydlegaste brota i førhistoria vår. På Vestlandet, og særleg i Rogaland vart mange gardar lagt øyde og aldri tekne opp att og det er ein kraftig nedgang i tal på gravfunn. Keramikkhandverket som blomstra i fokevandringstid, forsvinn og dukkar ikkje opp att før på 1700-talet. Nedgangstidene er kopla til klimatiske tilhøve og sjukdom, samt endringar i handelsrutene. Men truleg er endringane i det arkeologiske materiale også eit uttrykk for at samfunnstoppene konsoliderte makta si, dei trong ikkje lenger å demonstrere makt og rikdom i gravritene, og gardsdrifta endra seg frå ekstensiv drift med store areal, til meir intensiv drift på mindre areal. I gjenstandsmateriale ser ein også stil og mote endrar seg og ga seg mellom anna uttrykk i at dyreornamentikken i kvinnene sine smykke og mennene sine våpen vert innført. Merovingertid dannar opptakta til vikingtid.

Plyndringa av klosteret i Lindisfarne i år 793 markerar tradisjonelt innleiinga av Vikingtida. Vikingtida er gjerne knytt til plyndringstokter og hærferder, men det fann også stad ein meir fredeleg handel og kolonisasjon. Truleg er det behov for meir land som er bakgrunnen for utferdene frå Skandinavia. Det var ei auke i folketal og rydding av nye gardar. Sjølv om denne perioden er den mest kjende blant folk flest, har vi faktisk få arkeologiske funn frå perioden, om ein ser vekk frå gravminna. Mykje tyder på at tuna og husa no er lokalisert på same staden som dei historiske tuna og ein reknar ein meir intensiv drift på eit mindre areal.



Tekst: På 1970-talet vart to gravhaugar på Fiskåholmen utgravne. Utgravinga avdekkja ei mannslang steinkiste med gravgods i begge gravene. Den austlege grava var ei kvinnegrav frå merovingertid, bileta over syner tre runde koniske bronsespenner, eit rundt bronsemykke og perler i bronse (B12533/1-3) funne i grava og gravrøysa under graving. Den vestlege grava innehaldt funn av spannforma leirkar og er truleg frå folkevandringstid. Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen.



Gravfunn er ein viktig kjeldekategori frå vikingtid. Den daude vart gravlagt med gravgåver som vart rekna som nyttige å ha med seg over i dødsriket. Kvinnene vart ofte gravlegne med smykke, nøklar, spinnhjul og/eller anna personleg utstyr. I ein gravhaug på Vanylven prestegard, gnr 46, Åheim, er det funne ei enkel skålforma spenne, B2150. Dei skålforma spennene er typisk på kvinnedrakter frå vikingtid. (Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen. Biletet til venstre og under syner ei kvinnedrakt frå vikingtid med skålforma spenne. Foto og reproduksjonar ved Ørjan Engedal.)



På Indre Strand, gnr 9, er det gjort funn av ei anna mannsgrav frå vikingtid. Denne vart utgreven i 1890-åra og grava innehaldt både eit våpensett og smedutstyr. Våpensettet bestod av eit sverd, med ein karakteristisk femdelte knapp (Petersen type O, gruppe III). Sverdtypen er sjeldan og fem av ni kjende funn av denne typen, kjem frå kystbygdene i Nordfjord og Sunnmøre. Vidare vart det gjort funn av ein dekorert spydspis, øks, skjoldbule, sigdblad, tang og hammar. Grava skal mest truleg tidfestast til fyrste halvdel av 900-talet (C3945-3952).

Biletet til over syner eit sverd av same type funne i grava på Indre Strand. Sverdet på biletet er frå Sårheim, i Gloppen, Vestland fylke (B6735) (Foto: © 2019 Universitetsmuseet i Bergen)

Mennene vart ofte gravlegne med våpenutstyr og/eller ulike typar reiskap. I Saurdalen, på gnr 90, er det gjort funn av ei mannsgrav der gravgodset innehaldt mellom anna sverd, øks, skjoldbule og pilesissar (Å1542). Grava vart funne ved ein tilfeldigheit, dei låg under ei graskledd røys, der steinane hadde blitt fjerna litt etter litt, til slutt kom sverdet, øksa og pilspissen opp i dagen. Det var ei ettergraving i 1929, der fleire gjenstandar og eit brannflak vart funne.

MELLOMALDER (1050–1537)

Med mellomalderen forsvinn dei heidenske gravrituala som ein viktig arkeologisk kjeldekategori. Mellomalderen utanfor mellomalderbyane og kyrkjestadane er dårleg kjend gjennom arkeologiske kjelder. Folkeauka som prega yngre jernalder heldt fram i mellomalderen, men frå omlag 1300 er det fleire teikn til stagnasjon og tilbakegang. Dette altså før den store krisa med Svartedauden frå 1349 og stadige pestutbrot framover. Pestane førte til eit hundreår med dramatisk nedgang i folketalet. Sjølv om pestane ikkje forsvann heilt før kring 1650, byrja folketalet å stige att noko før 1500. På denne tida låg mange gardar øyde, og nokre vart aldri tekne opp att. I røynda rydda også krisa grunnen for den rivande utviklinga på 1500-talet: jord var billeg og rikeleg og adelen var sterkt svekka.

I tidleg mellomalder, nokre stader kanskje i løpet av vikingtid, endra hus og tun seg: heller enn eitt stort og langt hus, bygde ein mange mindre hus med ulike funksjonar. Ei mogleg årsak var at lafteteknikken kom til, i alle fall i våningshusa, og bruk av tømmer gjorde det like greitt å byggje fleire små hus. Allereie i vikingtid vart det knapt med jord på Vestlandet. Frå omlag 1150 vart bønder flest leiglendingar hos dei store jordeigarane kyrkja, kloster og adel. Parallelt med dette forsvann træleahaldet. Utover i mellomalderen vart stadig fleire gardar delt opp i stadig fleire bruk, noko som resulterte i teigblanding og klyngetun.



Syde gamle kyrkjestad (Ask id nr 129434), her stod St. Olavskyrkja, eldste omtale av kyrkje og sogn er frå 1434. Kyrkja vart riven i 1836 (med i regionaldelplan for kulturminne i Møre og Romsdal MR 2015:ID886).



KAPITTEL 2

Gardstun og bygningar knytt til gardstunet

KLYNGETUNET OG TEIGBLANDING

Fram til det store hamskiftet på slutten av 1800-talet var jordbruket organisert etter ein lang tradisjon med klyngetun og teigblanding. Tanken bak teigblandinga var at alle skulle få litt av den gode jorda, og alle litt av den dårlige. Dette førde med seg eit samansurium av små jordteigar og bøndene måtte arbeide tett. Kwart bruk hadde mange små, spesialiserte hus til ulike funksjonar Ein freista å nytte minst mogleg av bøen til husgrunn, husa vart derfor samla og låg tett i tett, mest som i ein liten landsby. I dag er klyngetuna i hovudsak vekke, men nokre av bygningane som høyrde til, er bevarte.

INNHUS

Røykstova var det vanlegaste våningshuset til ut på 1800-talet. Ho hadde ofte eit tredelt grunnplan, med stove, gang og kove. Stove og kove var lafta, mens gangen var i reisverk. Røykstova hadde røykonn, ein eldstad utan pipe, mura opp av stein og leire. Røyken gjekk ut gjennom ljoren i taket. Den var lenge den einaste lyskjelda, men frå 1750 og framover vart det vanlegare å setje inn glas i stovene, også for allmugen. Då kom det også etterkvart tregolv og kledning på ytterveggane. Ut på 1800-talet byrja folk å male husa sine, og mange bygde ark. No vart det også vanleg med grunnmur under husa og eldre hus vart lyfta opp på nye grunnmurar.

Kring 1800 og framover byrja ein å slå saman røykstova med eit eller fleire av dei andre husa på garden, bak ein felles ytterkledning. Utviklinga gjekk vidare til eit hus med stove i begge endar, med gang, og inngang på midten frå begge sider. Bak var

det gjerne kammers og kjøkken. Kring 1850 byrja ein å bytte ut røykonnene med jernonn og pipe, og dermed vart ein kvitt den sure røyken. Dette gjorde til at det vart mogleg å byggje loft over stovene. Desse husa med midtgang og symmetrisk fasade er typisk på Vestlandet på 1800-talet. Mange stader behaldt ein den gamle røykstova som kjernen i huset, men utvida den i både lengda og høgda, i ein påbyggingsskikk. Utsikter til å tene ekstra pengar på å innlosjere fiskarar på torskefiske lokka nok også til å utvide og byggje større.

Tida kring midten av 1800-talet var prega av gode tider og ein og annan let seg påverke av våningshusa som då stort sett høyrde til embetsmenn og handelsmenn, «Låna». Det var store hus, i to fulle høgder og med smårutete vindauger rett over kvarandre.

Til innhusa hørte også sengebud, stabbur og eldhus til. Sengebuda vart nytta til ekstra sengeplassar, i nokre tilfelle også til oppbevaring. Stabburet var forråds-kammer der både mat og klede vart lagra. Det stod på stolpar eller steinar, gjerne med vide steinheller øvst, for å hindre rotter og mus å kome inn. Likeeins skulle det vere eit mellomrom mellom øvste trap-petrinn og døra. I eldhuset vart det baka, koka, røykja og bryggja. Det var også her ein tørka kornet før det vart mala.

UTHUS

Gardane hadde fleire mindre fjøsbygningar, gjerne eit for kvart dyreslag og løe til høyr og korn.

Fram til 1750 var fjøsa ofte lafta, mens løa, der det var praktisk med god lufting, var gjerne grindbygg. Her i området vart

det bygd lafta fjøs fram til 1930, som oftast med ei grindløde oppå. I 1756 skriv derimot Hans Strøm at nokon bønder hadde teke til med å byggje nye fjøsar av stein, og andre kledde dei gamle fjøsane med stein utvendig. Kring 20 år seinare sette «Det Søndmørske praktiske Landhusholdingsselskab» i gang eit energisk arbeid for å få folk til å byggje uthusa sine i stein. Stein var det meir enn nok av i det trefattige landskapet! Det var også meir bestandig enn tre, så etterkvart vart det nokså vanleg å nytte stein som byggjemateriale til mindre uthus. I dag er Vanylven kommune den kommunen i fylket med flest og mest varierte steinbygningar. Mange gardar hadde også smier til eige bruk.

DET STORE HAMSKIFTET

Strukturane til det gamle jordbruket med klyngetun og teigblanding held seg stabilt i fleire hundre år. Men i løpet av 1850-åra kom det ei markant endring i jordbruksnæringa. Dei fleste bøndene gjekk frå å vere leiglendingar til å verte sjølveigarar. Det vart dermed meir interessant å tenkje langsiktig drift av jorda og å koste på husa, utan om vanleg vedlikehald. Samtidig med dette vart det også gjennomført ei storstila utskifting av eigedomane. Dei spreidde jordteigane med ulike eigarar vart omorganisert og samla til meir rasjonelle einingar, og tuna vart flytta til den respektive garden. Dette la til rette for både ei modernisering og effektivisering av jordbruket. Dette fall saman med andre samfunnsendringar- byrjande industrialisering og overgang frå sjølvberging til pengehushald. Jordbruksvarer vart handelsvarer og bonden kunne selje av overskotet sitt. Maskinene gjorde sitt inntog, også i jordbruket, som truske- og dryftemaskiner og hestereiskap i jern, rive og slåmaskin. Dette letta arbeidet, auka avlinga og frigjorde arbeidskraft.

Denne omlegginga i jordbruket vert kalla «det store hamskiftet» og det endra landskapsbiletet i bygdene. Ikkje berre vart tuna meir spreidde, men også bygningane endra seg. Dei små spesialiserte bygningane vart i stor grad erstatta med større einingar med fleire funksjonar samla under eit tak. «Den raude låven» eller einheitslåven, vart eit vanleg syn på gardane. Den nye driftsbygningen samla alle dyra under eitt tak og hadde god plass til store avlingar med høy, rom for tresking av korn og parkeringsplass for dei stadig fleire og større maskinene og reiskap som vart tekne i bruk. Det store hamskiftet fell saman med «sveitserstil- perioden» og våningshus som vart bygde i denne perioden er ofte inspirert av stilarten. Økonomi var sjølvsagt styrande for kva hus ein bygde. Det var heller ikkje uvanleg å ta med seg den gamle stova frå klyngetunet og i somme høve utvide ho.


Ut på 1950-talet gjorde traktoren og motoriserte reiskap sitt inntog på gardane og fleire endringar fylgde utover i siste halvdel av 1900-talet: silofoer og kraftfor erstatta i stor grad tørrhøy, mjølkestellet vart mekanisert og stadig større og betre maskiner vart tekne i bruk. Endringane medføre at einheitslåven måtte moderniserast og i fleire tilfelle vart den erstatta av nye driftsbygningar som tente det moderne jordbruket.

Kring 1930-talet og utover kom «funksjonalismen» til å prege dei nye våningshusa som vart sett opp, både på og utanfor gardstuna. Tida var prega av økonomisk stagnasjon og uro. Under 2. verdskrig vart det bygd lite og når krigen vart slutt var det eit stort behov for nybygg. Funksjonalismen, karakterisert ved nøktern standard og materialbruk, fekk stort gjennomslag.

NR 2.1 GARDSTUN, NORDRE ÅRØY, GBNR 12/1,4 OG 5

Bruk nr 1 har fleire små og spesialiserte bygningar med høg alder; stabbur, geitefjøs, eldhus og kvernhus. Våningshuset er påbygd i fleire omgangar, men delar av det er frå kring 1830. Garden har også ei sjeldan samling av gamle hestereiskapar og gardsting. Tunet til bruk nr 4 har truleg lege på same stad sidan Årøygarden vart delt før 1600. Dette tunet vart kalla «Fremregard» for å skilje det eldre gardstunet (12/1). På tunet står mellom anna ei grindbygd smie, der mykje av inventaret enno er på plass, og ei kårstove bygd på 1800-talet, 3. kvartal. Bruket har også eit kvernhus ved elva på bruk nr 5. På bruk nr 5 er gamlestova datert til kring 1870, likeeins vedahuset/eldhuset. På dette tunet er også ein typisk representant for einheitslåven.

Dei tre gardstuna er skilt av velhaldne steingardar og dannar eit heilskapleg og vakkert kulturmiljø (Sefrak id nr 1511-0003-012 til -022).



1 og 2: Stabbur på bruk nr 1, frå kring 1830 (Sefrak id nr 1511-0003-016).
 3: Steingard i byte mellom bruk 4 og 5
 4: Geitefjøs og kvernhus på bruk nr 1 (Sefrak id nr 1511-0003-015, frå kring 1830 og -017 datering ukjent).
 5 og 6: Kårhus og smie på bruk nr 4 (Sefrak id nr 1511-0003-012 og -013).
 7: Bruk nr 5 med låven, vedahuset/eldhus, gamlestova og nyare våningshus (Sefrak id nr 1511-0003-020 og 021).



NR 2.2 GARDSTUN, BIRKEDALSTUNET, THUE GBNR 71/55

Huset på Birkedalstunet er frå 1800-talet og er samanbygd med stove, løe, fjøs, vedahus og utedo. Stova er noko restaurert, mens løe, fjøs og vedahus er slik det opphavleg var. Fjøsene har kistemur og jordgolv dekt med store steinheller. På tunet står også eit murhus frå 1920. Tunet er ein brukstun og vert nytta til ulike tilstellingar, det er også høve til å få omvising i tunet. På småbruk og husmannsplassar på Vestlandet var det ikkje uvanleg at bygningane var samanbygde, med stove, løe og fjøs i eitt. Bygningstømmer var dyrt og bygde dei alt i eitt, sparte dei material. Ein kan også sjå på denne byggeskikken som ei vidareføring av langhuset ein kjenner frå jernalderen, der ein hadde fleire funksjonar samla under eitt tak (Sefrak id nr 1511-0008-001 og-002).

NR 2.3 GARDSTUN, BØEN, LILLE ALMKLOV, GBNR 56/ 1 OG 2

Gardstunet har bygningar med høg alder og stor grad av autentisitet. Den eldste bygningen på tunet ei grindbygd løe, der delar er datert til 1500-talet og er såleis automatisk freda. Løa har 5 stavpar, der stavane er tilpassa terrenget. Vidare er det ein liten bygning med lafta kjerne som har vore nytta til stall, eit eige fjøs for kyr der årstalet 1897 er innskrevet på ein bjelke. På tunet er også to eldre, lafta stovehus med datering tilbake til 1800-talet (Ask id nr 87644, Sefrak id nr 1511-0009- 056 til- 060, med i Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal MR 2015: ID871). Dette gardstunet vart valt som 1000-årsminne i Vanylven i år 2000.



NR 2.4 GARDSTUN, TORESTØYLEN, GBNR 86/7

Gardstun i Norddalen med bygningar frå byrjinga av 1900-talet, våningshuset er bygd i 1903 og låven i 1907. Fjøsdelene i låven er bygd i tømmer. Stabburet (Sefrak id nr 1511-0011-057) er datert til 1800-talet, 4. kvartal, tømmerveggar i kvar ende og stavverk i midten.

NR 2.5 GARDSTUN, DEPLANE, GBNR 91/3

Sørdalen er prega av flyttblokker, store steinar ligg spreidd rundt i landskapet. På gbnr 91/3 ser ein korleis steinane har blitt nytta og integrert i bygningar og i gardstunet. På gardstunet er mellom anna våningshus og låve, samt eldhus og grisehus bygd i stein. Eldhuset (Sefrak id nr 1511-0013-057) er datert til slutten av 1800-talet.

NR 2.6 GARDSTUN, HUNDSNES, GBNR 6/3.

Bygningane på tunet er frå kring århundreskiftet og tunet er eit døme på korleis gardstuna kunne sjå ut etter utskiftingane. Bygningane har stor grad av autentisitet og det er heller ikkje nyare element som bryt med opphavleg tunstruktur.

NR 2.7 GARDSTUN, ÅRAM, GBNR 138/5

Våningshus og låve er bygd på byrjinga av 1900-talet. Våningshuset er bygd i sveitsertil, stilarten som i stor grad prega våningshusa på gardstuna etter det store hamskiftet. Låven er ein typisk representant for einheitslåven- ei grindbygd løe over fjøsdelene, der mur er byggjemateriale.





NR. 2.8 GARDSTUN, INDRE KOPARNES, GBNR 105/4

Garden vart utskilt som bureisingsbruk frå bruk nr. 3 i 1930. Våningshuset er bygd i 1935 og er eit av få murhus i kommunen. Låven vart bygd i 1930 og husa etterkvart både mjølkekyr, oksar, sauer, hest, høner og gris. Fjøsdelan under låven er bygd av teglstein.

NR 2.9 GARDSTUN, SANDNES, GBNR 103/14

Bruket vart utskilt som bureisingsbruk frå bruk nr. 6 i 1938. Våningshuset er bygd i 1950 og løa i 1942. Eit tidstypisk tun frå 1940/1950-åra.

NR 2.24. ÅHAUGEN RØYKSTOVE, GBNR 62/1

Åhaugen røykstove har eit tredelt grunnplan, stove, kove og utdør. Stove har fått tilført eit kammers i eine enden og eit eldhus i motsett ende. Ljoren i taket er fjerna. Stova vart vedtaksfreda i 1924 (Ask id nr 87298, Sefrak id nr 1511-0009-002, datering 1800-tal, 1. kvartal, med i Regionaldelplan for kulturminne i Møre og Romsdal MR 2015:ID889).

NR 2.26 VÅNINGSHUS, ARSET, GBNR 137/10

Våningshuset er bygd kring 1894. Huset har spesiell fin grunnmur, eigar som bygde huset var særleg flink til å mure (Sefrak id nr 1514-0004-011).

NR 2.27 THRONDSENSTOVA, EIDSÅ, GBNR 100/10

Los Throndsen med familie slo seg ned på småbruket Ådland på slutten av 1800-talet. Etter at los Throndsen døyde brått vart enkja, Marie, vart sitjande att med 4 ungar, utan pensjon. Eit års tid freista ho å drive garden vidare, men måtte til slutt selje småbruket. Etter salet tok ho seg ei bygseltomt og fekk flytta ei gammal stove frå Sætre i Syvde, Throndsenstova. Her budde ho saman med ungene sine og livnærte seg ved å vaske, stive og stryke stivatøy til folk. Då ungene vaks til, flytta dei til Bergen og tok seg arbeid der. Etterkvart som Marie vart eldre, vart det vanskeleg for ho å klare seg aleine. Ho flytta derfor til Bergen for å vere nærare borna hennar, men snart lengta ho så fælt tilbake til Eidså og det vesle huset, at dei ikkje såg anna råd enn å kjøpe det tilbake! (etter artikkel av Rasmus O. Sandnes i Tidsskrift for Vanylven sogelag 1986). Huset var også i ein periode bustad for Frøken Øye, som var jordmor og vert også kalla «Jordmorhuset»

NR. 2.23 VÅNINGSHUS, «LÅN», MIDTRE TUNHEIM, GBNR 17/ 5

Våningshuset er bygd i 1858 og er i 2 ½ høgd, ei «lån». I tillegg til gardsdrifta, dreiv også eigar med kjøp og sal av, særleg sild og naut godt av det gode fisket på den tida. På gardstunet er også eit stabbur (Sefrak id nr 1511-0004- 014 og -015).





2.36

NR. 2.36 , STABBUR, VIDNES, GBNR 24/2

Stabburet er ut frå byggjemåte datert til 1600-talet. Huset har eit indre oppbevaringsrom av lafta tømmer. Svært spesielt tømmer. Mot eine gavlvegg og langsiden er det svalgang av reisverk. Stabburet var ein av bygningsmassen på det gamle klyngjetunet, som var lokalisert her (Ask id nr 87297, vedtaksfreda, med i Regionaldelplan for kulturminne i Møre og Romsdal MR 2015:ID888).

NR. 2.39 STABBUR, GULLIKGARDEN, NORDDALEN, GBNR 86/4

Datering er ukjent, men tømmeret er truleg svært gammalt. Dør og stav er frå gamlekyrkja på Myklebust. Stabburet vart flytta frå gamletunet kring 1930 (Sefrak id nr 1511-0011-040).

NR. 2.37 STABBUR, ARSET, GBNR 137/1

Stabbur på Arset, frå slutten av 1800-talet (Sefrak id nr 1514-0004-007).

NR 2.38 STABBUR, SANDES, GBNR 103/4

Stabburet er sett på steinstolpar der dei øvste steinane er gamle kvernsteinar. Desse gjev eit overheng og skulle gjere det vanskelegare for mus å kome seg inn i stabburet. Inne i stabburet har eigar ei flott samling av ulike gjenstandar og reiskap knytt til eldre gardsdrift. Datering 1800-talet, 1. kvartal (Sefrak id nr 1511-0015-039).



2.39



2.37



2.38



2.38



2.42

NR 2.42 ELDHUS, LILLE TORVIK, GBNR 44/2

Eldhuset på Neset vart bygd i 1875. Huset er bygd/mura i stein med grue, skorstein og hellelagt golv. Berre døra, møneåsen og takåsar er av tre. Oppunder rafta på steinmuren er der eit innrykk, slik at det vert ei lang hylle på kvar side. Her kunne ein setje frå seg diverse utstyr (Sefrak id nr 1511-0007-001).

NR 2.46 GRINDLØE, VIK, GBNR 88/11

Eit dømme på einheitslåven. Løa er eit grindbygg der to og to stavar er bundne saman av tversgåande bjelkar. Dette er ei byggetradisjon som er særmerkt for Vestlandet og går 3-4000 år tilbake i tid. Kring midten av 1900-talet byrja ein å nytte silofoer i tillegg til høy. Det vart dermed naudsynt å bygge egne siloar til lagring av det nye foret. Dei vart ofte, som her, bygde tett att med låvebrua.



2.46

NR. 2.53 SMIE, KROKVIKA, GBNR 2/4

I følgje tradisjonen skal delar av smia vere frå 1700-talet og kan ha vore smia til «Krokviksmiden» som herda verktøy og smidde dørlås med nøkkel. Den nordlegaste delen av bygningen er truleg eldst (Sefrak id nr 1511-0001-010).



2.53



NR 2.54 SMIE, KRIKEN, GBNR 70/1

Klyngetunet til garden var plassert her og smia er att frå den tid. I følgje tradisjonen skal smia opphavleg ha vore bustadhus og vore kring 2 m lenger (Sefrak id nr 1511-0008-013).

NR 2.59 TROHUS, SYLTE, GBNR 25/4

(Nokre gardar hadde egne hus til trodene, trohus. Høy- og kornhesene var sett opp av troder. Det vart rekna som god skikk å ta vare på trodene, å bruke den til ved i eit knipetak var til dømes ikkje bra!)

Dette trohuset er eit toskipa hus med ei stavrekkje i midten. Dobbel gråsteinsmur til veggjar på kvar langside, sperrene kviler på denne. Taktekke av naturheller i ulik storleik. I toppen ligg ein sterk stökk til mønsås som fordeler taktyngde på dei fire ståande rundstokkane under. Dette representerer ein gamal byggetradisjon som er utgått. I 2006 var treverket i huset i dårleg forfatning, alt vart då skifta ut og restaurert i gamal stil. Dette var eit spleiselag mellom Sunnmøre Museum, Norsk Handverkutvikling (NHU), Herøy Kystmuseum og Vanylven kommune (Ask id nr 227342, med i Regionaldelplan for kulturminne i Møre og Romsdal MR 2015: ID883).



2.66 "Fredshus", Strand.
2.68 Våningshus Bjørlykkja.
2.13 Amundgarden, Norddal
2.22 Krabbestien, Åram



«Kverna som mol og gjorde kornet til mjøl og mat for menneske, hadde ein livsviktig funksjon i folkelivet. Det spann seg romantikk omkring kverna og malinga. Kverna gjorde seint arbeid, ho måtte gå natt og dag— også for å nytte ut kvernbøren i regntider. Der sat då mannen med ei lita lykt tend i den mørke haustnatta. Kvernduren inne og elvesodet ute hadde sin eigen song, som var annleis om natta enn om dagen. Nattes tid kunne det leve både hulder og andre underjordiske kring kvernhuset. Mang ein malar skal ha opplevd merkelege ting, som det har gått segner om. Nykken i elva openberra seg gjerne for den som ville lære å spele»

BJARNE RABBEN, TIDSSKRIFT FOR VANYLVEN SOGELAG 1984.

KAPITTEL 3

Kvernhus

Gardskverna var ei svært viktig innretning på gardane fram mot århundreskiftet. Korn var ein vesentleg del av kosthaldet, men for at det kunne nyttast, måtte det knusast. Kvar gard som på nokon måte kunne få det til, hadde kvernhus. Små og store bekkefar vart nytta, ofte fekk dei namn som Kvernhuselva eller liknande. Ikkje alle elvene hadde god nok vassføring til å drive kverna, då måtte ein passe på ved flaumtider. Sidan kornet måtte vere nytørka, kunne det jamt bli hektisk. Vasskverna har lange tradisjonar i Noreg og vi reknar dei til dei eldste maskinene, truleg i bruk frå 1100-talet. Den var også lenge den mest mekaniske innretninga som fanst på garden. Kvernhusa stod ofte i skog og utmark og det knytte seg overtru og segner til den.

Det står enno mange kvernhus rundt i kommunen som ikkje er registrerte. Det som er vist her er dømer.

NR 3.1 KVERNHUS, LUNDEHAUG, LIGG PÅ GBNR 26/4 MEN TILHØYRER 25/4


Kvernhus på «Rabben» Lundehaug, ved Storelva, datering 1800-talet, 1. kvartal (Sefrak id nr 1511-0005-062).



Alle stokkar er skøytt, det viser oss at kvernhuset er bygd av restar. Dette er det einaste av 3 kvernhus som står att. Kjelde: Erling Sylte.

NR 3.2 KVERNHUS, SANDNES, GBNR 103/4

Kvernhus på Pergarden, einaste kvernhuset att på Sandnes. Datering 1800-talet, 4. kvartal. Mykje av utstyret innvendig er enno på plass. I kvernhuset mol dei korn ulovleg under 2. verdskrig og i stabburet på på garden (nr 2. 38) er det enno korn som ikkje rakk å verte malt i kvernhuset (Sefrak id nr 1511-00015-040).



Skisse, ende- og sidesnitt: Vatnet frå elva vart leda inn på kvernkallen av ei renne i tre. Kvernkallen er festa i den øvre kvernsteinen og dreg denne rundt. Understeinen ligg i ro i luren, som kviler på luråsane. Kornet sler ein opp i teina. Derifrå renn det ned i skoen, som hjelper til å regulere kornmengda. Frå skoen renn kornet ned i kvernauguet og mjølet kjem fram langs kvernsteinskanten. Her vert det fanga opp av kringen rundt steinane, og fell til slutt ned i mjølkista (illustrasjonane er henta frå Sæter 1980: 28).



KAPITTEL 4

Fjellgardar og husmannsplassar

Fleire stader i kommunen ser ein restar etter nedlagde fjellgardar, fleire er å finne i skriftlege kjelder tilbake til 1600-talet. Utmarksresursar med torvmyr, fjellbeiter, jakt og fiske, var nok sentralt i næringsgrunnlaget for desse gardane. Etterkvart som driftsmåtane i landbruket endra seg, vart fjellgardane likevel mindre attraktive. Nokre vart lagt øyde, mens andre vart tekne i bruk som stølar eller husmannsplassar.

Husmannsvesenet i Noreg vaks fram på 1600-talet. Bakgrunnen var ei jamn folkeauking frå 1600-talet, som igjen førte med seg ei auke i talet på folk utan eigedom. Samstundes var det eit stort behov for arbeidskraft på gardane. Ordninga var at husmenn fekk rydde seg ein «plass» i utkanten av garden og setje seg opp eige bu. Både jord og hus vart leigd og betalinga vart gjort ved pliktarbeid og anna arbeid, kontantar og matvarer. Vilkårane for husmennene varierte, men det var ofte tronge kår. Frå 1850 og utover avtok ordninga, gjennom, til dømes, industriarbeid, fiske og utvandring til Amerika, opna det seg andre måtar å livnære seg på. Kring århundreskiftet vart ordninga avvikla og nokre av plassane vart eigne bruk. I dag kan ein sjå restar etter husmannsvesenet, i form av ruinar og rydda teigar, i randsonene kring fleire av dei gamle gardane.

NR 4.1 ÅRSTØYLEN, SYLTEDALEN, GBNR 29/1

Årstøylen var eigen gard alt før 1600-talet og hadde ein eller to brukar fram til han vart fråflytta kring 1930. Garden var etter måten ganske stor i si tid, med eiga kvern og stort utmarksområde. Etterkvart som driftsformene i jordbruket endra seg, vart garden likevel for tungdriven. Det brukte arealet vart mindre

og mindre og mot slutten av brukstida var garden meir for eit plassebruk å rekne. I dag ser ein tydelege ruinar etter gardsmiljøet; bustadhus, fjøs, eldhus, utmarksfjøs og geil frå innmark til utmark. Garden og innmarka er ramma inn av steinstolpar og steingardar (Sefrak id nr 1511000-0005-001 til-006).



NR 4.2. «TIMREBUDA», SANDNES, GBNR 103/2

Kring 1820 vart Sandnesvik lagt ut som husmannsplass av teigar som høyrde til under gardsbruka på Sandnes. Dei første brukarane var Christian Christiansson Tvinnereim og Agnete Matiasd, begge frå Nordfjord. Ifølgje tradisjonen tok dei

med seg »Timrebuda» herifrå. Huset er lafta av smalt laftetømmer og måler kring 2 x 3 m. Huset er truleg det eldste huset på Eidså og vitnar om små kår. I 1863 vart husmannsplassen skilt ut som eige bruk.



KAPITTEL 5

Steingardar, geiler og vardegardar

I grálýsinga teiknar steingardane
mjúke linjer kring dei bleike markene
Tippoldefar fann desse steinane
Kvar ein stein festa han auga på
og såg etter former og kantar
søkk og kvelvingar
som kunne høve saman

Stundom stødde han seg
mot den nylødde muren
Han drog handa over panna
Ei stripe jord smelta inn i sveitten
og la seg som ein skugge i andletet

Mose og lav grør over
der dei seige nevine hans tok tak og lyfta

Stein på stein kransar garden
Eit lysande omriss av tid

HILDE MYKLEBUST



Den lange tradisjonen med jordbruk, saman med god tilgang på stein, har lagt grunnlaget for dei mange og vakre steingardane ein kan sjå i kulturlandskapet. Når jord vart rydda medførte det utlegging av mykje stein som vart til rydningsrøyser og steingardar.

Steingardane har hatt ulike funksjonar. Dei eldste er gjerne bøgardane eller haggardane, som markerte overgangen mellom inn- og utmark. Steingardane har også vore nytta som grensemarkørar, og særleg etter utskiftingane på slutten av 1800-talet, vart det bygd mange steingardar i bytet mellom ulike bruk og gardar. Steingardar og innhegningar var og så viktige for å halde dyr inne- eller ute. For å lede dyra, frå til dømes frå fjøs til beite, vart det også bygd geil, parallelle steingardar som dannar ei fegate. Det er fleire slike godt bevarte geil i Vanylven, ofte er det også vårfjøsar i samband med geilane eller bøgardane.

Fjellbeite var ein viktig ressurs for bøndene, særleg i tida før 1900-talet. Husdyrhaltdet bar preg av svelteforing, det var om å gjere å berge flest mogleg dyr gjennom vinteren med minst mogleg for. Dermed var det mange og utsvoltne dyr som vart sendt på beite og beiteressursane kunne bli knappe. Knappe resursar fører gjerne til strid, og sjølv i fjell og utmark vart det bygd steingardar for å halde dyra på rett område. Her finn ein også vardegardar. Vardegardar er bygd av stein og torv, og laga for å hindre at dyr gjekk seg utføre stup og skrånningar. I ei tid med knappe beiteressursar kunne det vere freistande for dyra å strekkje seg lang for å finne gras.



5.1 GEIL, LADE, SØRDALEN, GBNR 91/1

Kraftig og godt bevart geil frå tunet til 91/1. Geilen går opp til bøgarden som skil innmark frå utmark. Der geilen går over i bøgarden, ser ein også murar etter ein bygning. Biletet til høgre er flyfoto frå 2018, henta frå www.norgebilder.no.

NR. 5.2 STEINGARD I BYTE MELLOM GBNR 6/3 OG 6/8 PÅ HUNDSNES.

Byte mellom gbnr 6/3 og 6/8 er markert med ein steingard. Nord for gardstuna er det også ein bøgard, som markerer overgangen til utmark.

NR. 5.7 STEINGARD, ØVREBERG, GBNR 93/2.

Steingard på Øvreberg, i grensa mellom inn- og utmark på gbnr 93/2.

NR. 5.14 SKÅREGARDEN, SYVDE

Skåregarden er eit grensegjerde i stein mellom Kvanndalen og Sandfjellet og skulle hindre at dyr beita på «feil» område. Steingarden vart bygd kring midten av 1800-talet som ei følgje av strid om rettane til fjellbeite. Forlikskommissjonen vart kopla inn for å mekle i konflikta og det vart bestemt at dei store fjellbeita skulle delast inn i 2 område (fleire mindre område). Som eit ledd i dette vart Skåregarden bygd. Steingarden er omlag 2 km lang, startar på ei høgde kring 500 m.o. h og går opp til om lag 800 m.o.h. (foto John Willy Klungre).

NR 5.16 VARDEGARD, BLÅFELDEN

Vardegarden går frå kanten av Skåla på Blåfjeldene og nesten til toppen av Fugelhaudet lenger sør og skulle hindre dura i å gå ned dei bratte sidene mot Saurdalen. Vardegarden er bygd opp av torv og stein, og er om lag 1 km lang (foto John Willy Klungre).





KAPITTEL 6

Sjøbruk- naust, sjøbuder og båtstøer

Ved sidan av jordbruket, har fiske vore det viktigaste næringsgrunnlaget i Vanylven fram mot vår tid. Fiske gav eit kjærkome tilskot i matvegen og i somme høve også klingande mynt i kassa. Det var ikkje berre gardane som låg ved sjøen som hadde naustrett, sjølv gardane som låg langt inne i dalane hadde naust ved sjøen. Nausta kunne nok variere i storleik, tilpassa bruk og økonomi, men dei vart som regel godt tekne vare på. Nausta vart ofte samla i lange rekkjer på høvelege stader, i lune vikjer der tilhøva og landingsplass gjorde det mogleg å få båtane trygt på sjøen. Kwart naust hadde eigne båtstø med lunner og landingsvorar der fisken kunne takast i land. Nausta var ofte grindbygde med liggjande kledning. Ofte vart heile båtsider frå gamle båtar nytta til kledning. Denne skikken har ført til at mykje kunnskap om båtar og byggjemåtar har blitt bevart. I Vanylven er det også ein eldre lokal byggeskikk at nausta har brysting i tørrsteinsmur.

Alle dreiv med heimefiske til dagleg bruk. For å tene pengar var det hav- og sesongfiske som gjaldt, frå gammalt av først og fremst vinterfiske etter torsk og sild. Det vart skipa eigne fiskelag og karane var vekke 8-10 veker om vinteren. Dette høvde godt med arbeidet på garden, vinteren var ei stillare tid der. Fram til byrjinga av 1900-talet rodde eller sigla dei frå heimstaden og ut til fiskefelta. Fiskefelta varierte alt etter kvar fisken var, frå Bulandet i sør til Borgund i nord. Her budde fiskerane i små rorbuer så nær felta som råd. Til havfiske hadde bøndene «storebåtar» og nausta dei stod i vart kalla for «storebåtnaust». Opp gjennom tidene har det også vore periodar med svært godt silde- og torskfiske i Vanylvsfjorden og i Vanylvsgapet. Særleg silda

vart sett på som ei god handelsvare og det var fleire som slo seg på sildehandel i dei gode år på slutten av 1800-talet. Dei kjøpte sild, salta og stelte henne i eigne sjøhus, «salteboder».

Når ein skulle på fiske sør om Statt, segla ein som regel dei store båtane rundt. I dårlegare ver drog ein dei over Dragseidet. Mindre båtar kunne takast over Dragseidet eller Maurstadeidet. Omsynet til å få over mindre båtar, var saman med å få posten fram, viktigaste grunnane til å bygge veggen over Maurstadeidet i 1860-åra.

Fjorden og havet er lunefullt. Både fisket og reisa ut til fiskefelta var risikabel og sjøen kravde livet til mange vaksne og unge menn. Somme tider kunne heile båtlag forlise. Sunnmøre Skifterett hadde i 1727 føre 20 skifter etter menn som hadde omkomne på sjøen. Alle desse hadde born. Det ser altså ut til at det ikkje var skifta etter barnause eller ugifte, så det måtte ha vore fleire omkomne. I klokkeboka for 1729-30 går det fram at det då var ca 350 kvinner og ca 200 menn i Vanylven. Største delen av denne skilnaden kom nok frå at mange menn «blev», dvs. omkom på sjøen. Litt kan vere at mange var utskrivne til den dansk-norske flåten og litt frå tap i den store nordiske krig. Uansett, alle menn som kunne, måtte gifte seg med ei enkje. Dette var eit arbeidskrevjande samfunn og heile økonomien i samfunnet bygde på kjernefamilia.

I «Folk ved havet III» av Bj. Rabben er det namngjeve ca 130 personar frå Vanylven sokn som omkom på sjøen etter det som er nemnd over, dvs. frå 1730 – 1945. Lista er ikkje fullstendig. I sama kjelde er det liknande tal frå Syvde og Rovde sokn.



Årskog ulukka

I 1937 vart et på kyrkjegarden på Rovde, tett ved kyrkjetrap- pa, reist eit minnesmerkje over folk frå Rovde sokn som hadde kome bort på sjøen. Det er ein fint tilhoggen stein, ca. 3,5 meter høg med ei koparplatee med 37 namn. Det viser kor vanleg det var, og kor mange som fekk ei «våt grav»

Og Årskog-ulukka i 1895 var den største. Båtane vart overraska av ein vestavindfloding og sterk storm. Fleire båtar frå Rovde var ute på Svinøyhavet denne dagen, og dei avslutta fisket og stemnde mot land, men Årskog båten var den største og likaste av dei, drygde forlengje og kom ikkje att. Sju mann frå Årskog gardane vart borte, og gardane vart renska for mannfolk. Det var Johannes Årskog 58 år gammal og tre søner på 31, 28 og 13 år. Jakob Årskog 49 år gammal og son hans på 19 år og ein grannegut også som også var 19 år.

NR. 6.1 NAUSTREKKJE, FISKÅ

Fiskå naustrekkje. På biletet til høgre ser ein at det er nytta bord frå gammal båt til kledning. Naustet er frå kring 1895 (Sefrak id nr 1511-0002-034).

NR. 6.2 NAUSTREKKJE, ÅHEIM

Naustrekkja i Åheim (Sefrak id nr 1511-007-015 til -028, regulert til bevaring i plan og bygningslova, Ask id nr 226844, med i Regional delplan for kulturminne i MRF (MR2015: ID 890).

NR. 6.3 NAUSTREKKJE, VIK, SYVDE

Nausta står slik som dei er innteikna på utskiftingskartet frå 1873 og er truleg dei same nausta. Nausta har hatt torvtak, men har no bølgeblikk. Støer med lunner for båtopptrekk ligg i original tilstand. Naustrekkja er det einaste som er att etter det gamle klyngjetunet i Vik, tunet var plassert på flata, like bak naustrekkja.

NR 6.4 NAUSTREKKJE HAKALLESTRANDA

Naustrekkja i kulturmiljøet Hakallestranda, gnr 150 og 151 med ulike bruk (Nr 2.11). På gardstuna i kulturmiljøet er det ei rekkje mindre steinbygningar, karakteristisk for området. Naustet til høgre på biletet (Sefrak id nr 1514-0005-015) skal vere det eldste i rekkja og er delvis bygd i stein. Kulturmiljøet er markert i Askeladden som regionalt verneverdig og med i Regional delplan for kulturminner i Møre og Romsdal (Ask id nr 227390, MR 2015:ID 873).


NR 6.5 NAUST, ROVDE GBNR 116/4

Naust på Rovde med brysting i tømmersteinmur, bygd kring 1885 (Sefrak id nr 1511-0016-032).

NR. 6.7 VIDNESBUDA

Vidnes notlag kjøpte bua i 1949, frå Nordfjordeid. Den vart frakta hit og sett opp att.





Kyrkja kjære skattar gøymer,
og stig me inn, vår sorg me gløymer,
for Herrens hus gjev frygd og fred.
Høge kvelven skal oss minna
at evig liv er no å finna,
for himmelriket der stig ned.

BERNT STØYLEN

KAPITTEL 7

Kyrkje og religion

I 997 heldt Olav Tryggvasson ting på Dragseidet. Han samla stormenn frå fire fylker med det føremål å omvende dei til kristendomen. Stormenne fekk val mellom å ta i mot kristendomen og døype seg, eller sloss mot han. Bøndene såg at det ikkje var råd å vinne kampen mot han og det vart avgjort at folket skulle la seg kristne. Olav Tryggvason er også mannen som knyt saga om kristningstinget på Dragseidet saman med Klosteret på Selja. I følgje tradisjonen var det han som fann leivingane etter St. Sunniva. Gjennom Sunniva vart Selja det naturlege kristne midtpunktet på Vestlandet på 1000-talet. Øya vart det første bispesetet på Vestlandet og eit religiøst sentrum, fram til Bergen overtok på slutten av 1100-talet.

Innføringa av kristendomen og rikssamlinga er knytt tett saman. Då kristendomen vart tingtatt som riksreligion, vart det etablert ein riksomfattande kyrkjeorganisasjon. Landet vart delt inn i kyrkjesokn, det vart bygd kyrkjer og tilsett prestar. Prestane stod under leiing av biskopane, som igjen var rikskongen sine menn. Dermed fekk kongen spreidd maktapparatet sitt kring det ganske land. Heilagdomen på Selja spela ei sentral rolle i etableringa av kristendom som riksreligion. I mellomalderen var forkynninga og liturgien til kyrkja tett knytt opp til helgenkult. Ved heilagdomen på Selja vart kristendomen heimleggjort og «grunnfesta» i norsk jord.

Nærleiken til Selja har sjølv sagt spela ei stor rolle for kyrkja og kristenlivet i Vanylven. Særleg St. Jetmund kyrkja på Åheim må sjåast i samband med anlegget på Selja. Ein kjenner til tre

kyrkjer frå mellomalder i det som i dag er Vanylven kommune. Den eldste er St. Jetmund kyrkja på Åheim, men også på Myklebust i Syvde og på Rovde kjenner ein kyrkjer frå mellomalderen. St. Jetmund var bygd av stein, mens dei to andre var stavkyrkjer.

Med kyrkelova frå 1851 kom det krav om at soknekyrkjene skulle ha plass til tre tidelar av folket i soknet. Dette kravet, kombinert med generelle oppgangstider i Noreg, utløyste bygging av kyrkjer i stor skala i landet. Også i Vanylven vart dei små kyrkjene frå mellomalder erstatta med nye og større kyrkjer og etterkvart vart det også bygd kyrkje på Åram. I dag har Vanylven kommune

5 KYRKJER

Kyrkja var for dei fleste uendeleg viktig. Ho forvalta dei store hendingane i livet gjennom dåp, konfirmasjon, ekteskap og gravferd. Saman med dei store høgtidene og gudsteneste på kyrkjesøndagane, drog kyrkja folk inn i ein felles puls og rytme som prega livet, året og veka.

Tilhøvet mellom presten og kyrkjelyden var til tider svært anstrengt. Det dreia seg ofte om økonomi og til dels mangel på preiker. Mange av prestane kom også på kant med kyrkjelyden p.g.a. haldning og gemytt. Då konventikkelpakaten vart oppheva i 1842 og dissenterlova kom i 1845, var det forsamlingsfridom i Noreg og kristne grupper kunne organisere seg. I Vanylven gav dette seg m.a. utslag i bygging av m.a. bedehus og pinsehus

Åram kyrkje



Staten brukte kyrkjebakken til sine føremål. Der kunne han nå folk sidan dei var pliktige til å møte. På kyrkjebakken vart kunngjerigar og meldingar frå det offentlege opplesne. Der kunne vere våpenting og eksersis. Kyrkjestaden var også det verdslege samlingspunktet for soknet, der trefte ein både kjentfolk og slekt og ungdomane kunne sjå kvarandre. Der vart det inngått avtaler og handla. Gapestokken sto vel også på kyrkjebakken.

NR 7.1 ST. JETMUNDKYRKJA

St. Jetmundkyrkja er ei av dei eldste steinkyrkjene i landet og kan ut frå byggjestil truleg daterast til midten av 1100-talet. Kyrkja er vigd til den engelske helgenkongen St. Edmund og skal truleg sjåast i samband med klosteret på Selja. Kyrkja ligg berre nokre få meter frå sjøen og det kan tenkjast at munkane på Selja styrde kyrkja. Staden fungerte gjerne også som ei hamn for fartøy som venta på å få runde Stadt.

Kyrkja var i privat eige mellom 1724 og 1853. Det var ikkje alltid kyrkjelyd og eigarar var samde om vedlikehaldet


Kyrkja var soknekyrkje for Vanylven prestegjeld heilt fram til 1863. Då vart den riven og erstatta med ei ny og større kyrkje på Sлагnes. Bakgrunnen for dette var den nye kyrkjelova frå 1851, St. Jetmundkyrkja var blitt for liten. Det vart også hevda at plasseringa på Åheim var lite sentral. Ei bitter strid følgde, ein klarte ikkje einast om ein skulle utvide den gamle kyrkja eller byggje ny på Sлагnes. Soknet var delt i to, men etterkvart vart det bestemt at det skulle byggjast ei ny kyrkje. Den nye kyrkja på Sлагnes vart oppført i 1864.


Striden om den nye kyrkja var så bitter, at då den kom søknad om å få nytte St. Jetmundkyrkja som kapell, vart den til slutt avslått av Stiftsdireksjonen. Det var heller ikkje gehør for å behalde kyrkja som eit oldtidsminne, m.a. avdi dette var frårådd av «Foreningen til Bevarelse af Oldtidsminder». Det vart bestemt at kyrkja skulle rivast. Dette vart gjort av dei som bygde kyrkja fordi noko av materialane skulle nyttast til den nye kyrkja. Resten av materialane vart seld på auksjon. Kring 1930 kom det på tale om å attreise St. Jetmund kyrkje, då stod berre 1- 1,5 m høge murrestar att. Det vart laga skisser av den gamle kyrkja og ein byrja å samle inn stein frå kyrkja som var spreidd utover heile bygde. Folk stilte velvillig opp, og engasjerte seg. Arkitektane bak attreisninga var Johan Lindstrøm og Cato Engen. I 1957 vart kyrkja på nytt vigsla.

Kyrkja er bygd i romansk stil, med runde bogar i vindaug og døropningar. Under restaureringa av kyrkja i 1937 vart det funne ei marmorblokk med ein kross uthogd og innfelt i blokka. Blokka med St. Jetmundkrossen er i dag plassert over utgangen i sørveggen. Preikestolen er frå 1630 og alterbiletet er frå hollandsk mellomalder.

NR 7.2 ST. JETMUNDSTEINEN

I følgje tradisjonen vart St. Jetmundkyrkja grunnlagt av den engelske helgenen St. Edmund, ein engelsk konge som vart drepen av vikingar og leid martyrdøden på 900-talet. Etter segna kom han reisande frå Nordfjord og gjekk over Maurstadeidet. Då han kom fram til Jetmundleitet og såg den vakre Åheimsbygda, bestemte han seg for at der nede skulle kyrkja ligge. Han la seg til å sove på ein stein, som i ettertid har fått namnet St. Jetmundsteinen. På den tida var skikken at den som skulle byggje, først måtte sove der bygget skulle stå. Var søvnen god, varsla det hell i arbeidet. Edmund hadde ein roleg søvn, og gjekk straks i gong med med arbeidet og fekk reist kyrkja. Han vart derfor gjort til helgen for kyrkja.





7.3

NR 7.3 ROVDE KYRKJE

Rovde kyrkje er bygd i tre og oppført i 1872. Det er ei langkyrkje med 350 sitjeplassar, arkitekt: Lars Tornæs. Kyrkja har listført vernestatus og er den 3. i rekkja på denne staden.

Rovde kyrkje står på ei terrasseflate, høgt og fritt, og godt synleg i landskapet. Frå gammalt av har kyrkjestaden hatt namnet Krossen og ein stein på bakkekanten nord for kyrkjegardsmuren, vert kalla «Preikesteinen». Kanskje er dette ein indikasjon på at det stod eit kors her, til samling og bøn, før den fyrste kyrkja vart reist.

Den første kyrkja var ei enkel stavkyrkje, kalla *Raudvinjar kirkja*. Nøyaktig kva tid ho vart bygd er usikkert, men ho skal vere omtala på 1300-talet. På 1700-talet vart den gamle kyrkja bygd om. Eit nytt skip i tre vart bygd, mens den gamle stavkyrkja vart behaldt som kor. I 1831/32 vart denne riven og erstatta med ei langkyrkje reist på same staden. Snart vart denne også for lita og i 1872 vart kyrkja som står i dag, reist. Kyrkjegarden som ligg ved sidan av dagens kyrkje er frå mellomalder og automatisk freda. Det er ingen graver frå etter 1945. Kyrkjegarden vart planert og omorganisert i 1961. Ein flott steinmur omkransar kyrkja og kyrkjegarden. Ny kyrkjegard vart anlagt i vest/sørvest.

Inne i kyrkja er det messinglysestakar på alteret frå 1630, eit krusifiks frå kring 1700 og katekismetavle frå 1500-talet i renessansestil. Den gamle altertavla og epitafatet datert til 1700 er plassert på sørveggen. P.M Røwde gav kyrkjeorgel i gåve i 1920.

Frå gammalt av var det to prestegjeld på Søre Sunnmøre, Volda og Herøy. Rovde sokna til Herøy og prestegarden til kyrkja låg i Stoksund og seinare Larsnes. Presten kom såleis sjøvegen når han skulle halde preike i kyrkja på Rovde. På nabogarden vart det bygd ein kyrkjevór, eller prestevór, men denne er i dag nedbygd. I dag høyrer Rovde kyrkje til Vanylven prestegjeld (overført frå Sande prestegjeld i 1967)

NR 7.4 OG 7.5 SYVDE KYRKJE OG GAMLE KYRKJEGARDEN PÅ MYKLEBUST

Den fyrste kyrkja i Syvde låg på storgarden Myklebust. Der stod den fram til 1836, då den vart riven og materialane seld til allmugen. Kyrkja, kalla Olav kyrkja, var ei stavkyrkje og er nemnd i skriftlege kjelder tilbake til 1432. Tomta der kyrkja stod var ikkje av dei beste og då det på byrjinga av 1800-talet kom det på tale å byggje ei ny kyrkje, vart det bestemt at ho skulle byggjast i Vik. I Vik-fjæra hadde ein betre tilflót, og like oppom, tørr og god grunn til både kyrkje og kyrkjegard.

Den nye kyrkja i Vik vart vigsla 13. november 1837 av prost Thoresen. Etter lova som kom i 1851 vart kyrkja snart for lita. Det vart bestemt ei utviding av kyrkja, den vart gjort både breiare og høgare. Den 29. november 1871 vart kyrkja vigsla. Etter



7.4



På kyrkjegarden står to smijærnkors ved sidan av kvarandre med innskriften «Her hviler en synder» «Her hviler en synderinne».



7.6

enno ei utviding i 1907 fekk kyrkja dagen utsjånad, ei langkyrkje med 392 sitjeplassar. Topp- og fotstykket på altertavla kjem frå Olavskyrkja og vart laga noko før 1800. Midtstykket er laga av Rasmus og Arne Nordal i 1871. I 1910 fekk kyrkja nytt altarbilete, måla av kunstnaren Daniel Lade.

På kyrkjegarden står to smijærnkors ved sidan av kvarandre. Dette er gravene til Hilde Nedreberg (f. 16/7-1793, d. 15/3-1875 og sonen Anders Adamson Nedreberg (f. 11/5-1823, d. 24/10-1892). Mor og son skal ha vore spedalske. På denne tida trudde mange at spedalskheit var ei straff direkte frå Gud. Sjukdomen har såleis blitt knytt til både synd og religiøs ureinheit. Historia fortel vidare at innskrifjonen var laga etter eige ynskjer og ordna av slektningar. Mor Hilde Nedreberg, gift med Adam Adamson, dei var begge svært religiøse og tok bibelens ord svært alvorleg.

NR 7.6 KYRKJA PÅ SLAGNES

Kyrkja på Sлагnes vart bygd etter at ein kongeleg resolusjon av 16 feb. 1861 skar gjennom krangelen om ny kyrkjestad i Vanylven og plasserte kyrkja på Sлагnes der også den eldste kyrkja i Vanylven skulle ha stått, i fylgje Hans Strøm i 1750. Kyrkja var ei langkyrkje bygd i stein. Martin Mork frå Volda som då var 18 år, fekk kontrakt som murmeister. Også dei andre bygningsfolka var frå Volda. Kyrkja sto uendra til 1963 då det vart bygd på bærerom, toalett, nytt sakristi og nytt våpenhus. Frå opninga til ca 1900, sat folk i kyrkja etter inntekt og stand. Det var bygd opp ein haug utanfor kyrkja der dei stod dei som las oppmeldingar frå det offentlege. Folk frå dalane på Åheim hadde stallar/buer ved kyrkja. Dei som kom med båt la til ved bryggja / støene der kaia no er. Dei hadde med seg kyrkjeklede og bytte klede i fjæra der.

NR 7.8 PRESTEGARDEN I TORVIKA

Alt i mellomalderen vart prestegardane tillagt geistlege stillingar, dels i staden for, dels i tillegg til, løn. Prestegardane spela ofte ei viktig rolle som lokale senter for kulturell og religiøs verksemd. Fleire av prestane gav impulsar til den kulturelle utvikinga og var særleg viktig for skulestellet. Mange jenter fekk også opplæring i husstell som jenter i prestegarden.

Garden i Torvika har vore prestegard sidan 1600-talet. Våningshuset som står i dag, vart reist kring 1930. Som ein embetsmannsbustad vart huset utforma som eit «byhus» i storleik og stil, inspirert av nyklassisismen som sette preg på denne arkitekturen i 1920- 1930 åra. Våningshuset er teikna av arkitekt Ole Landmark. På tunet står også eit eldre stabbur og eit samanbygd eldhus/vognhus (Sefrak id nr 1511-0007-044 til- 045, føreslått verna og er med i Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal, Ask id nr 227422, MR 2015: ID 892).



7.5



7.8

KAPITTEL 8

Skular og forsamlingshus

GRUNNSKULE/ FOLKESKULE

Overalt ser ein at skule og opplæring er sentralt i det å løfte folk ut av fattigdom og dårlige levekår. I kjølevatnet av opplysingstida på 1700-talet, var det særskilt embetsmennene, gjerne prest og lensmann, som var dei fremste talsmennene for nytten av kunnskap. På Sunnmøre ivra presten i Volda, Hans Strøm (1726-1797) for opplysing av allmugen og skreiv fleire folkeopplysande verk om tema frå fiske til jordbruk, bergverk og mineralogi, meteorologi, helsespørsmål og samfunnsforhold. I Vanylven var lensmannen Andreas Landmark (1769-1839) medlem av Syndmøre praktiske Landhuuholdningsselskap og særskilt oppteken av gardsdrifta på Sunnmøre og korleis denne kunne forbetrast.


Fram til ut på 1700-talet var det kyrkja aleine som dreiv med utdanning. Den første organiserte skulen i Noreg går tilbake til mellomalderen, då det vart oppretta katedralskular for opplæring av prestar. Etter reformasjonen såg kyrkja det som nødvendig å lære opp alle i den nye trua, og klokkarane fekk eit spesielt ansvar for dette arbeidet. Med få resursar vart opplæringa i stor grad å lære utanåt dei mest vesentlege læresetningane i katekismen. Få lærte å lese og skrive, og analfabetisme var fortsatt svært utbredt.

Utover 1700-talet byrja den sentrale administrasjonen å interessere seg for undervising og oppseding av allmugen. Dette fall saman med den vaksande religiøse pietismen. Det

å få kunnskap, særleg om kristendomen, ut til folket vart sett på som viktig. Det var ikkje lenger nok det folk lærte utanåt, dei måtte sjølve kunne gå til kjeldene og lese.

I 1736 kom konfirmasjonslova som sa at alle måtte konfirmerast for å få rettar som vaksne. I 1739 kom den første skulelova, denne viste til skuleplikt frå 7 års alder for alle «som kand søge Skole» og minst til dei var 10-12 år gamle. Det viktigaste faget var kristendom, men det vart også lagt vekt på lesing, skrivning og rekning. Det kom også framlegg om at det skulle byggjast skulehus. Mange stader, også i Vanylven, såg bøndene med misnøye på den nye lova. Det var lokalsamfunnet sjølv som måtte koste utgiftene til skulen. Ekstra kostnader, samt det at borna vart tekne vekk frå arbeidet heime, var tungt å bære i dei harde tidene kring 1740-åra. Med ei oppmjuking av lovverket i 1741, kom skulen likevel etterkvart i gang. Denne eldste skulen var ein *omgangsskule*, det vil seie at det vart gjeve undervising i bustadhus, på omgang, i dei ulike krinsane. Det var stadig prest- en som hadde ansvar med å opprette skular og ha tilsyn med undervisinga, som klokkaeren stod for.

Det neste store skilje i norsk skulehistorie kom i 1860 ved *Fastskulelova*. Det vart fastsett at kommunane skulle delast opp i skulekrinsar og kvar krins skulle anten leige eller byggje eit *skulehus*. Der naturtilhøva var vanskelege, kunne ein likevel få halde fram med omgangsskulen og fleire stader i Vanylven fortsette omgangsskulen til ut på 1900-talet.



Jordbruksskulen
hev til oppgaave aa gi praktisk og
teoretisk opplæring i jord, plante
og husdyrstell, med sers umsyn
til dei greiner som høver i lands-
luten, arbeida fram godhug og
vyrndnad for bondestanden, stora
elsken til jordi og trui paa
jordbruket.



8.1

Innhaldet i skulen endra seg også. Kring midten av 1800-talet var samfunnet i store endringar og det kom krav om betre kunnskap på stadig nye område. Det var stor einigheit i at den norske skule trong eit løft. Ole Vig og Hartvig Nissen var to sentrale skikkelsar arbeidet og tok til orde for at skulen måtte få eit breiare innhald med opplæring også i morsmål, historie, geografi og naturfag, ved sidan av kristendomsopplæring. Etter Fastskulelova skulle lærarane ha godkjend lærarutdanning og staten gjekk inn for å bære ein del av løna. Det vart utarbeida nye felles lærebøker som etterkvart vart referanseverk for heile landet. Skulevesenet vart også meir demokratisk. Sjølv om kyrkja fortsatt stod sentralt og presten var sjølvskriven som formann i skulekommisjonane, fekk kommunestyret utnemne så mange representantar dei ville. Lærarane fekk også ein representant i kommisjonen.

Med den nye lova vart små, kvite *skulehus* oppført over heile landet. Husa var enkle, oftast eit klasserom, gang og eit lærarrom, karakteristiske med store, tett samanstilte vindauger. Dei husa ein skule som ikkje lenger berre var ein del av stadfestinga av den kristne trua, men som gjorde ungdommane til opplyste borgarar i eit fritt samfunn. Skulen vart obligatorisk for alle norske born, og for første gong fekk staten eit visst økonomisk ansvar for grunnskulen. Den nye skulen ga heilt nye moglegheiter i forhold til folkeopplysing og sosial mobilitet. Skulehusa kom til å bety mykje for folk, også utanom skulegangen. Folk fekk for første gong ein stad å samlast og sjølv i dag, lenge etter at nye skular har kome til, vert mange av dei gamle skulane haldt vedlike og nytta som storstove i dei ulike grendene.

FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR

Parallelt med endringane i siste halvdel av 1800-talet vaks det fram ulike frivillige lag og organisasjonar. Dette var rørsler som var drivne fram av *folket*, og som stod i opposisjon til dei etablerte maktstrukturane og embetsmannstanden. I Vanylven, som på Vestlandet generelt, kom særleg lekmanrørsle til å stå sterkt, saman med målsaka, fråhaldsrørsla og kristlege- og frilynte ungdomslag. I byrjinga var desse rørsle i stor grad knytte til både læraren og skulehusa. Læraren hadde ofte ei sentral rolle, som både leiar og inspirator, og skulehusa vart nytta til samlingsstad. Snart vart likevel dei første skulehusa for små og rørsle byrja å byggje egne hus. Såleis vaks ein ny kategori kulturminne fram- *forsamlingshusa*.

Det Norske Misjonsselskap var skipa i 1842 og misjonsforeiningar spreidde seg fort på våre kantar. Det vart starta kvinneforeiningar i nesten kvar einaste skulekrins. På Rovde, som hadde to skulekrinsar, var det tre kvinneforeiningar Sundnesbygda, Midtbygda og Rotabygda. Møta gikk på omgang kringom i heimane. Basarane ein gong i året, gjerne midtsommars, var ein stor hending i bygda. Nesten 100% av kvinner i ein viss alder var med i misjonsforeininga, som var ein sosial møteplass utan sidestykke.

NR 8.1 THUE SKULE

Thue skule stod ferdig i 1916 og erstatta det gamle skulehuset frå 1885, som var blitt for lite. Det nye skulehuset vart bygd med kjellar og to etasjar. På loftet var det husvære til læraren, og det har budd både lærarar og andre fram igjennom tidene. Seinare vart loftet utvida med ei møneark, og på slutten av 1950-åra vart det bygd på ei toaletta vdeling på baksida av huset. Då den nye skulen på Åheim var ferdig i 1970, vart ungdomsskuleelevene flytta dit. Berre småskulen var att til 1975. I dag huser skulen mellom anna Valborgsamlinga.



8.2



Kvernstein utanfor Sjørdal skule.

NR 8.2 SjøRDAL SKULE

I 1896 vart det slutt på omgangsskulen i Sjørdalen, dei fekk då eige skulehus, endåtil det første i Syvde med sløydrom. Huset vart bygd på dugnad/ pliktarbeid. Om vinteren kunne det vere kaldt i skulehuset og den store vedomnen måtte fyrast opp. Dette var eit arbeid som eit av dei eldste barna nær skulen hadde ansvaret for. I møteboka kan ein lese at Marie Lade fekk 12 kroner for å leggje i omnen i 1925, ho var då 12 år gamal. Skulehuset skulle bety mykje, ikkje berre for elevane, men også for resten av bygdefolket som hadde fått eit hus der dei kunne samlast. Det var skule her fram til 1961. I januar 1961 vart det samrøystes vedtak om å gå saman med Myklebust krins frå same hausten. Det var då berre 5 skuleborn. I 1975 fekk Sjørdal krins overta skulehuset som gåve og det vert nytta som samlingsstad for dalingane (Sefrak id nr 1511-0013-051).

8.3 HAKALLESTRANDA GAMLE SKULE

Skulehuset vart bygd i 1907 og erstatta det første skulehuset som i 1867 vart bygd på Norde Håberg. Den 13. mai 1941 vart skulen overteken av den tyske okkupasjonsmakta. Undervisinga vart då flytta til Sandvik, gbnr 48/4. I 1955 vart skulen bygd på og modernisert. I 1971 vart dei to krinsane Hakallestranda og Sjørbrandal slegne saman og det vart sett i gang planlegging av ny skule på Åramsundet. 4-7 klasse gjekk på Hakallestranda skule fram til 1983, då den nye skulen på Åram opna. Etter dette kjøpte Hakallestrand husmorlag skulen. I dag huser den gamle skulen ulike aktivitetar, Åram sogelag leiger heile kjellaren og har ei bygdesamling der. Åram ungdomsklubb disponerer eit av klasseromma og skulen vert brukt til møter og samlingar av ulikt slag.



8.3



NR 8.4 «JORDBRUKSSKULEN PÅ SUNNMØRE» OG HUSMORSKULEN PÅ EIDSÅ

Ut på 1800-talet kom tankane om at også bøndene burde få utdanning innan yrket sitt og den første landbruksutdanninga i landet vart starta i 1825 i Vestfold. I 1945 hadde lensmann Andreas Landmark det første jordbruksskulekurset i Møre og Romsdal på garden sin i Åheim. Då garden var forholdsvis liten og låg lite sentralt til, vart skulen flytta til Grytten alt året etter.

Ved århundreskiftet tok Sunnmøre frilynde ungdomslag opp tanken om ein småbruksskule. Bakgrunnen var storstilt utflytting frå dei mange småbruka på våre kantar. Med ein småbruksskule ville dei «binde ungdommen til jorda og hindre utvandring til Amerika». I 1908 starta så «Vinterjordbruksskulen og småbrukarskulen i Ørsta». Der hadde dei berre eit par mål å drive jordbruk på, og i 1916 vart skulen flytta til Eidså. Her kjøpte dei heile Myrabruket, men handelstad og det heile. Syvdingen og landbrukskandidat Peter Vik overtok eigedomen og vart ny styrar. Skulen fekk nytt namn: «Jordbruksskulen på Sunnmøre» og kurset vart utvida frå 4-5 månader. Ny skulebygning vart reist i 1917, ny løy i 1919 og i 1924 ein verkstadbygning. Parallelt med opprettinga av landbruksskulane vart det også oppretta husmorskular. Dei skulle gje husmødrene opplæring i matstell og anna husstell. Skulen oppstod i ei tid då dette temaet var under stor diskusjon i landet. Husarbeidet vart tillagt stor vekt på å få bukt med 1800-talet sine store folkesjukdomar, samt generelle forbetringar i familien sine levekår. I 1917 vart det oppretta husmorskule på Eidså.



Skulane hadde si storheitstid fram til 2. verdskrig. Det var eit yrande liv i Eidså på dei tider, både landbruksskulen og husmorskulen var internatskular og det kom ungdom frå heile distriktet til Eidså. Skulane hadde også landhandelen på Vik- bruket med diverse kolonialvarer, manufaktur, glas, og steintøy, kortevare og meir til. Skulen hadde eiga kai og ekspedisjon for Møre og Romsdal Fylkesbåtar.

Under 2. verdskrig vart tidene vanskelegare, først vart husmorskulen flytta til Åheim i 1943. Der leigde dei lokale i den tidlegare direktørbustaden, Skogly, fram til skulen vart avvikla i 1948. Jordbruksskulen heldt stand fram til 1953, då han vart flytta til Skodje.

NR 8.5 «SKOGLY»

Husmorskulen leigde lokale her i perioden 1943- 1948. Huset har ei lang og mangfaldig historie. Det vart bygd i 1919 som våningshus til Thorvald Lembach Tollefsen Ravn. Våningshuset skil seg frå andre våningshus i området, ein villa i jugendstil med valma mansardtak og spiss gavlvinkel på arka. I 1924 vart eigedomen kjøpt av eit interessantselskap med Ivar Frihagen som formann og frå 1929- 1943 vart huset nytta til aldersheim, som den første i Vanylven. Huset fortel såleis også ei historie om den tidlege eldreomsorga. I 1948 selde lutlaget eigedomen til A/S Olivin for 70 000 kr og firmaet nytta bustaden som direktørbustad.



Den nye skulebygningen til «Jordbruksskulen på Sunnmøre», reist i 1917. Jordbruksskulegarden på Eidså mellom 1922-1944 (Foto: Storegjerde, Olaf A.K., www.foto.fylkesarkivet.no).



NR. 8.16 FRAMHEIM

I 1895 vart det frilynte ungdomslaget «Fram» i Åheim skipa og laget fekk eige hus i 1932. Dei frilynte ungdomslaga stod gjerne som motpol til dei kristlege, som sprang ut i frå indremisjonssrørsla. Dei frilynte var snarare knytt opp mot tankegodset til folkehøgskulane som, på slutten av 1800-talet, var opptekne av å vekke ungdommen si nasjonalkjensle og ivra for full politisk fridom for Noreg. Dei frilynte ungdomslaga arbeidde for dei nye tankane- målsak, politisk fridom og eit lettare kristendomssyn. Sett frå eit meir pietistisk synspunkt dreiv mange av dei frilynte laga med aktivitetar som vart sett på som syndige- som til dømes dans og skodespel.

Ungdomslaget er framleis aktivt og Framhuset vert stadig nytta til ulike tilstellingar og arrangement.

NR 8.17 FISKÅ BEDEHUS

Frå midten av 1800-talet vart det bygd ei rekkje bedehus i landet, særleg på Vestlandet. Husa var knytt til den pietistiske vekkelsesrørsla som stod sterkt på våre kantar og har betydd mykje for lekmannsrørslene. Bedehuset vart ein samlingsstad for bygdefolket og ein stad der ein kunne halde møter med omreisande emissærar og misjonærar. I bedehusa rundt om i landet har det vore halde fleirfaldige basarar til inntekt for ulike misjonsforeiningar og andre gode føremål.

Det første bedehuset i Vanylven krins vart bygd på Fiskå i 1904. Pengar til bygget var samla inn av misjonsfolk og andre gjennom fleire år. Huset vart innvigd i 1905 av den kjende indremisjonsmannen, borgarmeister Johs. Solheim i Ålesund.

NR 8.18 NORDSTRANDA SOGEHUS.

I 1958 fekk Nordstranda eige bedehus, reist på Hundsnes. Bedehuset vart henta hit frå Godøy. I dag eig Laila og Helge Norhage huset og dei har gjort det om til eit innhaldsrikt bygdemuseum. Inne i huset står mellom anna eit stabbur, ein kan sjå møblar, klede, kjørel, bileter og ein telefonsentral. Vidare finn ein også innmat frå eit av dei første kraftverka i kommunen.



KAPITTEL 9

Handel, service og kommunikasjon

Fram til 1900-talet var sjøen den viktigaste kommunikasjonsåra, særleg langs kysten av det langstrakte landet vårt. Det oppstod tidleg handel langs leia og med forholdsvis jamne mellomrom vaks det fram handelsstader på strategiske stader med gode hamner og gode ankringsplassar.

Dei som eigde desse handelsstadane hadde einerett på handel i eit gitt område. Dette var slett ikkje for alle, for å oppnå denne eineretten på Sunnmøre, måtte ein ha borgarbrev, i praksis, frå Bergen.

Frå 1600-talet vaks det fram handelstader i Vanylven, først på Fluevågen, og seinare på Åheim. Haugsholmen ligg ved Vanylvsgapet og var ein viktig handelsplass for Vanylven. Det var lite konkurranse mellom handelsmennene, så bønder og fiskarar hadde få andre val enn å godta prisar både for varer dei kjøpte, og selde. Bøndene var også ofte bundne til handelsmennene sine gjennom kreditt. Som ein del av skiftet i siste halvdel av 1800-talet, kom bortfallet av den gamle reguleringa av handelen på bygdene. Ei ny lov i 1866 slo fast at vaksne og ustraffa personar kunne slå seg ned som handelsmenn kvar dei ville, mot å løyse handelsbrev hos lensmannen.

Dette førte til at fleire byrja med handel, ofte på stader som alt var knytt til sentrale ferdselsårar. Parallelt med dette vart det også, frå nasjonalt hald, jobba med å knyte landet betre saman gjennom bygging av veg og jarnbane, båttruter og telegraf. Frå midten av 1800-talet byrja dei fyrste dampskipa å gå i rute langs kysten. Båttrutene la til rette for auka handel. I takt med omlegginga til pengehusald auka handelen og det vaks fram fleire forretningar rundt den første landhandelen/ dampskipkaia. Det var også her ein fekk dei første postopneria/ postkontora og etterkvart telegraf og telefon. Dampskipkaia vart også den nye møteplassen for folk- då dampen kom, samla folk seg på kaia for å handle og høyre nyhende!



9.2

NR 9.1 FLUEVÅGHAMNA, GBNR 3/5

Den første ein veit frå Vanylven som skaffa seg borgarskap var Nils Sveinsson Fluevåg. Han dreiv handel i lag med to drenger i 1633. Handelsbuda låg litt ovanfor Litlehamna, kring 20-30 m frå sjøen. Etter murestane å døme var buda heller liten. Fluevågen ligg strategisk til i Vanylvgapet, skjerna, men likevel nær havet og leia. Frå 1653 dreiv broren, Endre, handelen. Den raude pila på biletet til venstre marker kvar handelsbuda låg.

NR 9.2 RAVNEHUSA, ÅHEIM GAMLE HANDELSSTAD

Alt i frå tidleg mellomalder har Åheim vore kyrkjestad og ein naturleg samlingsstad, frå midten av 1600-talet også handelsstad. I 1839 flytta Tollef Lem Ravn hit og fekk kongeleg privilegium som handelsmann. Han eigde skuter og jekter, dreiv med kjøp og sal av korn, sild og fisk, landhandel, bakeri og privilegert brennevinshandel. Etterkvart starta han også som gjestegjevar og var postopnar frå 1846-1894.

På dei gamle handelsstadane var det ofte våningshuset som var hovudbygningen og prega staden. Sidan eigarane var borgarar, var husa ofte prega av tidas byarkitektur. Slik var det også på Åheim. I 1856 bygde Tollef Lem Ravn nytt våningshus (9.2.1). Det var av tømmer, 2 ½ etasje, bygd på gråsteinsmur og med teglsteinstak. Kring 1860 bygde han eit tilbygg i to høgder, dette vart kalla »Krambod- og Borgstuehus». I Kramboda hadde han handelen sin og i borgstuen var der eldhus og bakaromn. I 1873 flytta han handelen til eit hus nedanfor vegen (i dag riven). I 1970-åra vart våningshuset renoverert og taket forlengja over «Krambod- og Borgstuehus», slik at mønetaket no går langs etter heile huset. Fjøsbygningen (9.2.3) i tunet er bygd kring århundreskiftet.

Tollef Ravn sette seg opp eit kårhus, «Hagen» (9.2.4), i 1881, etter at sonen hans tok over verksemda. Sjølv om handelsprivilegia tok slutt i 1866, rådde Ravnefamilien over handelen på Åheim til kring 1900-talet. Då var det fleire som starta med handel og det vart etterkvart fleire landhandlarar, bakeri, hotell og andre forretningar. I dag er sentrumet i Åheimsbygda flytta lenger fram i bygda og nye butikkar har etablert seg der. Med i regionaldelplan for kulturminne i MRF (MR2015:ID 890).



9.3

NR 9.3 SLAGNES

Alt året etter opphevinga av dei gamle handelslovene vart det starta handel på Sлагnes. Den 20 år gamle Carl Berntsen Eidsvik sette opp ei stor sjøbuda (Nr 9.3.1), kring 140 kvadratmeter, i tre høgder og med tilflot for den tids fiske- og frakteskuta. Her dreiv han fiskemottak og landhandel. Etterkvart kjøpte Einar B. Storeide sjøbuda og haldt fram med verksemda. Han var ein drivande forretningsman og det var stor aktivitet. Fiskarar leverte torsk og sild, og i sjøbuda var det salting og flekking. I den store landhandelen i 1. etasje kunne ein få kjøpt det meste av varer som den tida kunne by på. Storeide og familien budde i ein leilegheit i 2. etasje. Leilegheita vart også nytta som venterom for reisande som venta på vidare skys. Sjøbuda er godt vedlikehaldt og innvendig er mykje av inventaret bevart.

Frå slutten av 1860-talet var det veg for hest og kjerre mellom Sлагnes og Åheim, og frå Åheim vidare mot Nordfjord, over Maurstadeidet. I 1875 vart vegen mellom Sлагnes og Åheim klassifisert som hovudveg. Reisande frå Fiskå kom med båt. Dette vart etterkvart også ruta for posten. Sлагnes fekk såleis først status som poststasjon og i 1889 også som postopneri. I 1905/06 fekk Storeide telefonstasjon til Sлагnes. Då rutebåttrafikken kom i gang vart desse ekspedert av Einar B. Storeide. I 1911 vart det bygd kai (9.3.3) og pakkhus (Nr 9.3.2), der dei store båtane kunne legge til.

Det kom til fleire forretningar; bakeri, fargereri og fleire landhandlarar. Sлагnes vart etterkvart den store forretningsstaden i kommunen og folk kom langvegs i frå for å handle. I dag er området kring dampskipskaia eit godt bevart miljø og er markert som regionalt verneverdig i Askeladden (id nr 227355. Med i regionaldelplan for kulturminne i MRF (MR2015:ID 880).



9.3.2 Pakkhus



9.1



Privat stue og venterom for reisande på Sлагnes. Til høgre: Innreiing i landhandelen på Sлагnes.



9.3.1 Sjøbuda

NR 9.4 FISKÅ GAMLE SENTRUM


Fiskå har ei lang historie knytt til handel og ferdsel. Frå gamalt av var her skysstasjon med ansvar for skyss, med hest og kjerre nordover over Syvdseidet, og med båt sørover til Åheim, og seinare Slagnes. I 1823 vart vegen over Syvdseidet ein del av den ytre postruta og i 1837 vart det i samband med dette bygd ein landgangsvór, som vart endepunktet på vegen. Voren har vore bygd på og forlengja i nyare tid, sist i 1928-29 (9.4.10).

Fiskå som handelsstad byrja for alvor å ta form frå 1885. Då starta Olai Britanius Fiskaa opp ein landhandel i ei lita sjøbud. Etterkvart sette han opp «Klarahuset» (Nr 9.4.6) med butikk, kontor og stove i 1. etasje, bakeri i kjellaren og bustad i 2. etasje. Her kom også det postopneri i 1891. Etterkvart vart det behov for meir plass og åtringsnaustet på garden vart bygd om til landhandel, saltlager og fiskemottak (9.4.7).

I 1889 starta O.B. Fiskå dampskipsekspedisjon, i 1905 bygde han ei kai av tre, med tilhøyrande kaihus (9.4.8). Frå no kunne han ekspedere dampbåten frå kaia. Etter dette vart det ei rivande utvikling. Fleire kom til og det vart starta fleire forretningar, som skomakarverkstad, bakeri, slakteri og utsal av kjøtvarer. Etterkvart vart det også både lensmannskontor og tingstove, legebustad med legekontor i kjellaren og Vanylven og Syvde Sparebank haldt til her.

Fiskå gamle sentrum er eit godt bevart kulturmiljø og har nærast eit bymessig preg der bustadhus og forretningar har hovudfasaden mot vegen opp frå kaia. Som andre tettstader som vaks fram kring århundreskiftet, er Fiskå gamle sentrum prega av sveitserstilen. Jugendstilen er også representert.

På bilete ser vi "Eidehuset" til venstre (2.61), Vestheim (9.4.1) og Postheim (9.4.2) i Fiskå gamle sentrum.





9.5.2 Våningshus på «Myrabruket»

NR 9.5 EIDSÅ

Sjøbud og våningshus på «Myrabruket» (nr 9.5.1 og 9.5.2). Eidså har alt frå tidleg av vore ein sentral stad i den regionale samferdsla. Her var skysstasjon og i 1823 vart Eidså ein del av den ytre postruta. På midten av 1800-talet vart det opna landhandel ved skysstasjonen på Myrabruket, som den første i Syvde. Seinare tok M.A. Pedersen over handelen og det vart både kai, postopneri og damskipsekspedisjon. Sjøbuda (Nr 9.5.1), bygd 1877, var sentral i handelen med mellom anna landhandel, saltlager og dampskipsekspedisjon. Postopneriet heldt til i hovudhuset (Nr 9.5.2) på bruket, bygd kring 1860, med eit påbygg i 1926. Huset vart rive kring 1980 talet, men er bygd opp slik det var. I 1916 vart «Myrabruket», seinare også kjend som Vikkaia, med handel, kai og dei heile, kjøpt av «Jordbruksskule på Sunnmøre» og det vart starta jordbruks- og husmorskule her. Både hovudhuset og sjøbuda er godt vedlikehaldt og sjøbuda har mykje originalt inventar.

I 1878 opna det ein landhandel til i Eidså, i 1888 tok Olai Rønnestad over og det vart starten på forretninga Rønnestad Eftf.-Vik & Co. Handelen vaks snart og ei tid var her rutestopp både på Vik-kaia og Rønnestadkaia. Rønnestad var ein framsynt mann og var ikkje nøgd med kundegrunnlaget i Eidså. Han skipa derfor filialar både på Rovde og i Syvde og starta eit lite handelsimperium. Det var likevel handelen på Eidså som var kjernen i det heile. I 1932 overtok brødrane Michael og Otto Rønnestad som eigarar og dreiv til ut på 30-talt. Michael sette opp nytt forretningsbygg med fryseri, lagerrom, garasje, ekspedisjonslokale og kai (Nr 9.5.3). Frå no vart det fast rutestogg for M. R. F her. Seinare leigde Eidså trikotasje fabrikk lokale i bygningen. I det gamle forretningsbygget, som no er fjerna, vart det sett i gang ein møbelverkstad. Vidare fekk ein etterkvart bensinstasjon, fryseri og tilgang til å kjøpe både kraftfor og kunstgjødsel. Mørebil A/S fekk avdelingskontor her frå 1963 (Nr 9.5. 4)



9.5.1 Sjøbud



Mørebil i framme til høgre, sjøbud på «Myrabruket» og skip i opplag side ved side – gamal og ny tid.

NR 9.5.3 RØNNESTADKAIA OG DEL AV FORRETNINGSBYGGET TIL RØNNESTAD EFTF.-VIK & CO, bygd på 1930-talet. Her heldt mellom anna Eidså trikotasje fabrikk til.

Det var dårlege vegar i Vanylven, Syvde og Rovde i 1920-åra og vanskelege tilhøve for rutedrift. Stadige utbetringar av vegen utover 1920-åra gav likevel eit aukande grunnlag for rutebilsdrift Den første som fekk konsesjon for bilkøyning i området var Rasmus J. Løvold. Han fekk konsesjon i 1920 og i 1922 starta han med rute Eidså- Fiskå og Slagnes- Bryggja. Mot slutten av 1920 år sette Ansgar A Fiskå og Knut Brandal i gang ruter i Syvde og Hakallestranda/ Sørbrandal. I 1930 kom det også i gang ruter i Rovde. I 1954 vart alle konsesjonane for lokale ruter samla i ei administrativ eining, Vestre Sunnmøre Billag. Frå 1.8.1963 tok A/S Mørebil over. Dei hadde hovudkontor på Ørsta, men også avdelingskontor på Eidså.

NR 9.6 THUE, GBNR 71/5

I 1908 vart Vannelvens Handelslag skipa ved Lars O. Thue som styrar. Første lokalet deira var eit stabbur på garden Thue gbnr 71/5. Seinare vart butikken flytta til eit lite hus ved Langebryggja/ Ravnebuda.

NR 9.7 THUMHEIM GBNR 17/5


Anders Paulsen Thunem bygde bryggje og sjøbud i 1842. Han nytta det gode sildefisket på den tida, kjøpte opp sild frå notlaga i området og frakta den til sjøbuda, der ho vart salta i tønner. Deretter vart ho førd til Bergen i seglskuta hans «Freya Fortuna». Han kjøpte så med seg ymse vareslag som ler, tjøre, salt og liknande som folket i bygda trong. Det er funne kversteinar ved sjøbuda, truleg handla han også dette.



9.5.4



9.5.4



9.7



9.6



KAPITTEL 10

Tekniske og industrielle kulturminne

DET STORE HAMSKIFTET/ DEN INDUSTRIELLE REVOLUSJONEN

Ute i Europa byrja den industrielle revolusjonen på slutten av 1700-talet. Dette var starten på ei omfattande endring i produksjon av varer som samstundes medførte store endringar i samfunnsforholda. Kort sagt byrja ein å nytte maskiner og mekanisk drivkraft i produksjonen. Varene vart produsert i store mengde for sal og den effektive produksjonsmåten gjorde varene så rimelige at vanleg folk også kunne kjøpe dei. Dette var starten på ei omvelting i den gamle levemåten og naturalhushaldet. Dei store fabrikkane trong arbeidskraft og samla store mengde folk som ikkje sjølve produserte verken mat eller det dei trong i kvardagen. Bøndene fekk dermed ein marknad for sine varer, dei selde jordbruksvarer og fekk pengar dei kunne nytte til å kjøpe industrielt framstilte klede og jordbruksreiskap. Slik gjekk ein meir og meir over til pengehushald.

I Noreg seier ein at den industrielle revolusjonen i Noreg byrja i 1840-åra, men først nærare 1914 kan ein kalle Noreg eit industriland.

VASSKRAFT- GRUNNLAGET FOR INDUSTRI

Den første «industrien» på bygdene byrja likevel lenge før den industrielle revolusjonen. Alt frå 1100-talet har dei talrike elvene i landet vore nytta som drivkraft til vasskverna. Dei neste stega mot ei vidare industrialisering omfatta også utnytting av vasskraft, til saging av tømmer, til trusking- og dryfting av korn og stamping av vadsmål.

I fleire elver i Vanylven har det vore ein lang kontinuitet i utnytting av vasskrafta, Brandalselva er eit døme på dette. I følgje skriftlege kjelder har det vore kverndrift her frå 1600-talet, truleg går denne tradisjonen enno lenger attende. Det er god vassføring i elva og den gav kraft nok til å nytte fleire kverner enn brukarane sjølve trong. Folk kom frå andre gardar for å male kornet sitt og ved sjøen stod «malarnaustet», der venta folk til det vart deira tur å male kornet. Kvernene vart nedlagde i 1920-åra og berre murane etter kvernhusa er att (Nr 3.8). I 1890-åra var det også ein stapedam i elva. Når ein seinare gjekk over til truskemaskin vart vasskvernene først brukte som drivkraft, før ein i 1920-åra gjekk over til motordrift. Som eit siste steg i utnyttinga av vasskrafta, vart det i 1920-åra bygd kraftverk i elva, eit på 16 hk og eitt på 5 hk (Nr 10.17).

I Noreg byrja ein å for alvor å utnytte vasskrafta som drivkraft til maskiner mot midten av 1800-talet. Særleg tekstilindustrien var tidleg ute og typisk lokalisering var ved store elvar som gav kraft til å drive turbinane til maskineriet. I Vanylven starta Joakim og Matias Lillebø «Vanelvens Uldspinderi» i 1908 (Nr 11.1). Skjervheimselva vart nytta til å drive maskineriet til fabrikkene og var avgjerande for drifta.

ELEKTRISK KRAFT

Kring 1870-åra byrja ein å nytte vasskrafta til produksjon av elektrisitet og den storstilte vasskraftutbygginga i Noreg kring århundreskiftet var ei av føresetnadane for industrialiseringa av landet.

Sande, Syvde og Vanylven kommune kjøpte fallrettar i Brandalselva alt i 1918, men vanskelege økonomiske tilhøve for kommunane gjorde at utbygginga let vente på seg. Frå 1920 og framover vart det i staden bygd fleire, små kraftverk kring om i bygdene. Desse ga lys til hus og drivkraft til mindre verksemdar. Kraftverka var likevel små og vassføringa ustabil. Med eit stadig stigande foketal vart det mindre og mindre straum til rådighet og behovet for ei storstilla kraftutbygging vart større og større. Utover krigsåra vart det skipa fleire lokale kraftlag, først i Vanylven, sidan i Syvde og Rovde. I 1946 gjekk dei lokale kraftlaga saman og skipa Søre Sunnmøre Kraftlag og arbeidet med utbygging av Brandalsvassdraget tok til.

15. juli 1951 var ein merkjedag for folk i Vanylven. Då vart Sørbrandal kraftverk sett ordinær drift og alle vart sikra, god, stabil og billig tilgang på elektrisk kraft. Dette gav grunnlag for ei oppblomstring av små industribedrifter i kommunen, til dømes trevare- og møbelfabrikkar. Tilgangen til god og stabil kraft var ikkje berre viktig for industri og verdiskaping. Elektrisk kraft letta også det daglege slitet til folk. Ikkje minst vart den mørke og kalde vinteren enklare med både elektrisk lys og varme. Etter at Sørbrandal kraftverk vart sett i drift kunne Sunnmørsposten melde om at alle hadde blitt blidare og at kvinnfolka hadde slutta å småskjenne!

TEKSTILINDUSTRI

Etter krigen og utover på 1950- talet vart det oppgangstider i Noreg, med stort behov for varer av alle slag. Folk trong klede, og norsk produksjon var beskytta med reguleringa av import og toll. Rasjonering på klede varte ut året 1951. Frå mai 1952 var import av tekstilar frigitt og kleindustrien kunne no velje fritt blant stofftilbod frå norske og utanlandske fabrikkar. Dei neste åra vart ein gullalder for norsk konfeksjonsindustri, og mange fabrikkar hadde god tilgang på ordrar.

I Vanylven vaks det fram fleire industribedrifter innan tekstil blant anna D. Slettevoll skjortefabrikk på Rovde, Eidså trikotasje-fabrikk, skjortefabrikk på Åheim og Vik skjortefabrikk i Syvde. Det var behov for arbeidsplasser, og tekstilbedriftene danna grunnlag for sysselsetting av mange kvinner. At kvinner kunne få seg godt lønna arbeid i tekstil- og konfeksjonsindustri var eit stort framsteg, og har hatt mykje å seie for at folk kunne bu og livnære seg i små bygder. Når bedriftene vaks og vart utvida kom det tilreisande jenter frå nabobygder. Det var restriksjonar på kjøp av bil så det var ikkje snakk om å pendle frå for eksempel Syvde til Rovde. Jentene budde på hybel og fikk leige til ei rimelig pris med forventning om det at dei skulle hjelpe til i heimen og ta del i det sosiale livet i familien. Fleire jenter fann seg kjæreste og blei verande.

Frå 1957 vart det ikkje lenger nødvendig med lisens for å få importere varer og marknaden opna for utanlandsk konfeksjonsindustri. I åra som følgde vart dei fleste fabrikkane lagt ned.

TEKNIKK OG INDUSTRI KNYTT TIL PRIMÆRNÆRINGANE

Fiske har vore ein viktig del av næringsgrunnlaget for folk i Vanylven. I stor grad har det handla om mat og ikkje minst fisk som handelsvare, anten fersk, salta eller tørka. Det vart også brennt tran, mellom anna på Grøtholmen på Slagnes (Nr 10.15) og på Fiskåholmen (fjerna).

Naturtilhøva i kommunen låg særleg til rette for mjølkeproduksjon, og smør og ost har vore både salsvare og bytemiddel langt tilbake i tid. På slutten av 1800-talet kom dei første separatorane og folk kunne no på eit blunk skilje fløyta frå søtmjølk. Smør vart i større grad enn før salsvare, bøndene selde til landhandlarane som igjen selde vidare til byane. Kring århundreskiftet vart det skipa fleire meieri rundt om i bygdene, ofte drifta med vasskraft.

BERGVERKSINDUSTRI


Den første ordinære gruvedrifta med ordna privilegier starta i Noreg på 1500-talet. Sida har kopar-, jern og sølv gruver kring om i landet vore av stor betydning for norsk industri/økonomi. Sjølv om Sunnmøre inntil relativt nyleg har hatt ei beskjeden rolle i bergverksdrifta, har den likevel lange tradisjonar i Vanylven.

9. mai 1757 fekk futen Ole Alsing mutningsbrev og løyve av det nordenfjeldske bergamtet til å setje i gang gruvedrift på ein jernmalmførekomst på Fiskå. Frå 1757/8 var det full drift i jarngruva på Fiskå (Nr 10.6). Fleire lokale hadde arbeid i gruvene og med framkøyning av malmen. For å smelte malmen sette Ole Alsing opp ein masomn i botnen av Fannefjorden ved Molde. Her var det, i motsetning til i Vanylven, skog til å produsere trekol. Masomnen var bygd av olivinstein frå Åheim og er den første kjente bruken av olivinstein frå Åheim.

Det er uvisst kor lenge gruva var i drift, men nokon stor suksess vart den ikkje. Det var uvilje frå bønder og gruvearbeidarar for lite og manglande betaling. Dette førde til ein bondeoppstand i 1759, den såkalla Alsingsaka, der til slutt 5 menn vart dømde til tukthus, festningsarbeid i jern, og andre bønder vart dømde til store bøter.

Truleg vart drifta avvikla kring 1780. Jarngruva er det første forsøket på industri i Vanylven og ein av få stader på Sunnmøre med bergdrift før det 19. århundrede. I dag er gruva fylt att, men foreininga «Fiskå Gamle Malmgruve» har jobba med å få setje gruva i stand og skape eit miljø rundt denne, som eit ledd i formidling av historia til skuleklassar og andre.

9.5.3 Eidså trikotasjefabrikk heldt til i Rønnestad eftf.



Smørkasse frå Slagnes og Vik smørlag frå sjøbuda på Slagnes.



Dagens olivinbrot i Gusdalen. Det gamle brotet er med i regional delplan for kulturminne.

OLIVIN

Olivinførekostane i Åheim har vore kjende lenge, alt på midten av 1700-talet skriv presten Hans Strøm om førekostane på Åheim. Olivin nyttast i dag som formsand til støyper og til framstilling av eldfast materiale.

Under 1. verdskrig var handelen med utlandet sterkt redusert på grunn av krigshandlingar som ramma ferdsla til og frå Noreg og det vart sett fokus på sjølvbergingspolitikk. Kunnskap og tilgang til eldfast materiale vart sett på som svært viktig og i 1917 vart Statens Råstoffkomite oppretta. Professor Victor Moritz Goldschmidt vart utnemnd til formann for komiteen. Etter mykje forskning, prøving og feiling starta det opp prøveproduksjon av olivin i 1946 og det vart bestemt at knuseverket skulle vere på Åheim. I 1948 vart Olivin AS oppretta og industrieventyret i Åheim starta.

Bergverksdrifta varsla om andre tider, fleire fekk seg lønna arbeid og eit sikrere økonomisk grunnlag å bygge framtida på. Mange held fram med gardsdrifta ved sidan av arbeidet i olivinbrota. Dette gjorde at mekaniseringa av jordbruket kom relativt tidleg til olivinbygdene. Bøndene fekk pengar frå lønna arbeid og hadde behov for traktorar og maskiner som kunne lette arbeidet.

Restar etter tidleg olivinbrot på Hellebust/Eikremsæter er markert i kulturminne-databasen Askeladden og har regional verneverdi, Askeladden id nr 227408 (NR 10.7). Lokaliteten er også ein av utvalde kulturminner frå Vanylven kommune i Regional delplan for kulturminner i Møre og Romsdal (MR 2015: ID 875).

NR.10.1 VANYLVEN ULLSPINNERI

Vanylven Ullspinneri vart starta av brødrene Joakim og Matias Lillebø i 1908. Brødrene hadde begge jobba hos Devold i Langevåg og hadde fått kjennskap til ullvarebransjen. Skjervheimselva vart nytta til å drive maskineriet til fabrikk og var avgjerande for drifta. I 1923 bygde brødrene kraftverk i Skjervheimselva, men i byrjinga vart den elektriske krafta berre nytta til lys og ei kokeplate. Først i 1946/7 vart det elektrisk kraft på maskineriet. Kraftverket gjorde likevel arbeidet enklare og fekk også ei viktig oppgåve som oppladingsstasjon for radioakkumulatorar, ikkje minst under 2. verdskrig.

Spinneriet heldt til i den kvite bygninga som opphavleg er ei brakke frå Ålesund. Etter Ålesundbrannen i 1904 vart det sett opp fleire slike mellombelse brakker og mange av dei vart seinare flytta til ulike sunnmørsbygder. Spinneriet hadde også vevstol og strikkemaskin til å produsere ferdig ullstoff. Kring 1930 la fabrikk om produksjonen og byrja å produsere bomullstvoger. Denne produksjonen heldt fram til utpå 1960-talet.

NR 10.2 ROVDE MØBELFABRIKK A/S

Rovde Møbelfabrikk vart skipa i 1939. I byrjinga var drivkrafta kosta oljemotor. Under 2. verdskrig vart det vanskeleg med forsyninga og i 1941 vart det bygd eit kraftverk i Vedeldselva for å få elektrisk drivkraft. Dette kraftverket ga også straum til lys i husa i grenda. Frå 1961 vart fabrikk drifta med kraft frå dette kraftverket (utvida) saman med kraft frå SSK. Det vart bygd ny fabrikkbygning i 1949, og seinare, i 1965, kom det som er dagens fabrikkbygning. Frå 1952 vart det hovudsakleg produsert skulemøblar. I dei seinare åra spesialiserte bedrifta seg på innreiingar til maritim industri og hadde 18 tilsette. Rovde Møbelfabrikk A/S melde oppbod i juli 2011 etter 72 års drift.

NR 10.3 KRAFTSTASJON, SØRBRANDAL KRAFTVERK



10.3

Sørbrandal kraftverk vart sett i drift i 1951 og modernisert i 2003. Normalproduksjon er på 40 GWh i året. Kraftverket utnyttar fallet mellom Børevatnet og sjøen, ei fallhøgde på 370 m. Kraftstasjonen er bygd i tidstypisk funksjonalistisk stil. I den stupbratte fjellsida bak syner røyrsgata.

NR 10.4 TERSKLANE I OSELVA

Vanylven kommune har fleire gode lakseelvar, Oselva er ei av dei. På 1960-talet vart den øvre delen av elva senka, noko som førte til problem under flaum. Det vart gjort flaum- og erosjonssikringstiltak mellom 1967-1972, og etter dette vart det påvist problem med lakseoppgang. For å bøte på problemet vart det bygd tersklar, fram til 1980 til saman sju stykke. Tersklane består av tømmerstokkar som er svakt bua motstraums med forseinking i midtpartiet. For å forankre tømmerstokkane er det lagt steinar bak, mens det framfor er slått ned loddrette avkappa jernbaneskiner. Desse tersklane vart først bygd i Syvde, derav namnet Syvdeterskel. Kulturminnet er statleg listeførd og med i Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal (Ask id nr 212165, MR 2015:ID 876).

NR 10. 5 SYVDE MEIERI

Det første meieriet i Syvde vart skipa i 1890 av nordfjordingen Søren Eldvik som bygde meieri ved Kvernhuselva. Etter dette var det fleire forsøk på å starte og drifte mindre meieri, men tilhøva var vanskelege og i 1922 var det førebels slutt på all meieridrift i Syvde. I 1924 skipa Ole Sørdal Syvde Ysteri og kjøpte opp ein del av utstyret til dei tidlegare meieria. I 1926 reiste han nytt meieribygge ved Oselva og drifta var i gang. Mjølkeleverandørane skipa køyrelag og bytte på å køyre mjølka til meieriet med hest. Dette såg Sørdal som tungvindt og i 1928 vart den første mjølkebilen teken i bruk. Han dreiv meieriet fram til 1937, då han selde til andelslaget Syvde Meieri. Frå 1942 fekk ein mjølkerute frå Vanylven og andre distrikt, og det var stor oppslutnad om å levere mjølka til Syvde interkommunale meieri. I 1948 vart det sett opp eit tilbygg. Etter ein brann i den gamle delen i 1968, vart det sett opp nytt bygg på murane av det gamle bygget. I 1979 var Syvde Meieri ein del av Sunnmøre Meieri og i 2001 vart drifta avvikla. I dag har Hofset AS, som driv med lakseforedling, produksjonslokale her.



10.1



10.2



10.5



10.5

Syvde meieri med meieribil, 1950 (foto: Sverre Brudevoll, www.foto.fylkesarkivet.no)



KAPITTEL 11

Samferdsel- vegar og vegbygging

Samferdsel over sjøen var viktigast for folk her fram til etter krigen. Det galdt både til omverda og internt.

Kystleia var hovudvegen. Større båtar som m.a. jekter og ottringar segla rundt Stad. Embetsmenn og rikfolk som kom sørfrå gjekk i land i Selja, reid over Manseidet til Einahaugen og blei rodde med skyssbåt til Fiskå, for så å ri til Eidså der båten, som medan hadde runda Stad, kunne hente dei. Der finnst god dokumentasjon på dette m.a. frå Kristian VI, Kristian V og Fredrik IV sine kongeferdar langs kysten. Fru Inger av Austrått drukna yst i Syvdsfjorden i 1555 av ein kastevind på ei slik ferd. På sør var reisa omvendt. Det var skyss-skaffarar som sytte for båtar, folk og hestar. Å vere skyss-skaffar var ei populær teneste, bortsett frå at dei måtte gifta seg med enkja etter førre skyss-skaffar. Dei slapp m.a. militærtjeneste og kunne bruke spesielle gardar. Mindre båtar vart båtene dregne over Dragseidet på Stad. Det gjaldt også litt større båtar i dårleg vær.

Frå midt på 1800- talet var det stimbåtruter langs kysten og på Sunnmøre. Etter krigen, fram til ca 1960, kunne ein reise fram og attende på dagen til Volda/Ørsta, Vartdal, Hareid og Ålesund med sjøbussen «Hjørungavåg».

Internt var det færingen som galdt, ikkje berre for å krysse fjorden, men også langs strendene, særskild når ein skulle ha noko med seg. Ein lånte også båtar. Skulle ein Eidsåbygdar til presten på Åheim, gjekk han over Syvdeidet og lånte båt på Fiskå. Ein Fiskåbygdar som skulle til Syvdsbotn eller Rovde, gjekk til Eidså og lånte båt.

Frå gamalt av har folk stort sett gått mellom gard og bygd, på stiar eller enkle ridevegar. Kjørbare vegar var eit fåtal før midten av 1800-talet. Hjulreiskap var slett ikkje allemannseie, skulle ein frakte noko, nytta ein som regel kløv eller slede på vinterstid. Å knyte landet saman gjennom vegar har likevel vore sett på, iallafall frå øvre hald, som viktig både for maktapparat og handel.

På 1800-talet skaut vegbygginga fart i landet. Nye og betre veglover (1824 og 1851) sette ein felles standard for vegar og bruer. Vegane vart delt i to grupper; hovudvegar og bygdevegar. Hovudvegane var under regjeringa si leiing, medan bygdevegane var amtmannen sitt ansvar. Det var likevel lite pengar å hente frå staten, så kostnadane til vegbygging måtte hovudsakleg amtet og kommunane sjølv stå for. Den gamle ordninga med pliktarbeid vart oppretthaldt. Bøndene var forplikta til å arbeide eit visst tal dagar utan løn, både til vedlikehald av eksisterande vegar og nyanlegg. Vegane var delt inni i róter, som vart fordelt på grender eller eit visst tal gardar. Pliktarbeidet kunne vere ei tung bær for bøndene å bære, og ikkje sjeldan var det motstand blant bygdefolket når nye vegar skulle byggjast. Etterkvart vart likevel vegbygging sett på som ei utvikling til framgang. Ikkje minst gjorde innføringa av fastskulelova at bygdefolk såg nytten i vegane, ungane måtte ha trygg veg til skulane.

Kring århundreskiftet var vegnettet i Vanylven kommune relativt godt utbygd. I prinsippet vart det slutt på ordninga med pliktarbeid ved ei ny veglov i 1912, men i praksis fortsette ordninga, meir eller mindre fram til 1930-åra. Trass vanskelege økon-



Øvst i bildet ser ein støttemur til vegen opp Brattekakken, bygd på slutten av 1930- talet.




omiske tilhøve vart vegnettet i Noreg betydeleg utvida i dei harde 20- og 30-åra. For å dempe arbeidsløysa vart det innført statstilskot til selssettingsarbeid, som til dømes vegbygging. I Vanylven vart mange vegar bygd og utbetra i denne perioden, dels ved naudsarbeid og dels ved dugnad.

På 1950-talet vart det etablert bilferjesamband. Det var likevel ikkje før etter 1960, då importrestriksjonane på privatbilane vart oppheva, at privatbilen vart det dominerande framkomstmiddelet. Fram til då var ferdsel hovudsakleg til

fots, på sykkel eller ved offentlege transport.

Ved omlegging til bilveg har dei gamle vegane blitt utbetra eller gjort om til bygdevegar/ turvegar. Dei ulike generasjonane med veg ligg der likevel og fortel ei historie om korleis landet vart knytt saman og gjorde livet enklare for folk. Dei eldste vegane er også eit synleg vitnesbyrd på slitet og det harde arbeidet bøndene gjorde, og mange stader, imponerande ingeniørkunst med enkle middel.



To generasjonar med veg, den graskledde vegen bygd kring 1827. Grusvegen er dagens køyreveg.

TIDSLINJE MED SAMFERDSEL SJØ OG LAND

1866: Vegen over Maurstadeidet vart ferdig.

1825: Vedtak om at vegen Fiskå–Eidså skulle vere hovudveg.

1922: Rasmus j Løvold fekk konsesjon på ruta Bryggja–Åheim og Fiskå–Eidså, den siste i samarbeid med Anskar Fiskå (frå 1927)

1928: Knut Brandal Starta rutekjøring frå Sør-Brandal til Syvde (5-seter bil). Dette vart kombinert med mjølkerute til Syvde Meieri. Buss frå 1953.

1937: Nils Andersen starta mjølkerute frå Velsvik til Syvde. Opretta bussrute da det kom ferje Velsvik–Volda

1942: Ingvald Hellebust starta mjølkekjøring Åheim–Syvde. Passasjerar fekk vere med dersom dei sat på spannene. Gjekk seinare over til kombinerte bilar.

1949: Nordfjord og Sunnmøre billag overtok Løvold sin konsesjon. Det vart oppretta direkterute frå Måløy til Ålesund

1954: Vestre Sunnmøre billag vart skipa. Det var felles administrasjon for dei fem konsesjonæra.

1962: Sjøbussen «Hjørungavåg» slutta i ruta.

1963: Mørebil overtok konsesjonane.

1996: MRF (Fjord 1) overtok Mørebil



M/S Hjørungavåg, sjøbussen, gjekk i rute mellom Ålesund og Søre Sunnmøre. Hjørungavåg var bygd ved Glommens Mek. Verkstad. Rutebåten var på 395 br.tonn, gjorde 15 knop og hadde sertifikat på 404 passasjerar. Foto Arkiv: Musea på Sunnmøre

Sjøbussen

I 1951 Kjøpte MRF (Møre og Romsdal Fylkesbåtar) passasjerbåten «Hjørungavåg». På den tida vart rutebåtane kalla for sjøbussar. «Hjørungavåg» gjekk indre leid. Båten låg i Syvdsbotn over natta og gjekk derifrå kl. 05.30, var innom Eidså, Rovde, Volda, Ørsta, Vartdal, Hareid og enda i Ålesund kl. 10.00. Båten hadde tilførselsrute frå Åheim og Fiskå. Somme overnatta om bord frå kvelden før. Båten var komfortabel og hadde servering og lugar. Ein kunne reise tur retur til «bya», ha med born og handle og kome heim til kvelden. Sjøbussen var også sentral i høve transport til sjukehusa i Volda og Ålesund. Ruta vart nedlagd i 1962.

NR 11.2 VEGEN OPP KILEBREKKA OG NED HALLEGJENGEN TIL SØRDALEN

Kilebrekka ligg mellom dei to dalføra, Sjørdalen og Syltedalen og folk har ferdast mellom dei to dalane i uminnelege tider. På Kilebrekka var det støl og det låg også store førekomstar av brenntorv av god kvalitet. Denne var ettertrakta, den dag i dag ser ein spora etter torvuttak i myrene. Å ta ut torv var tungt arbeid. Det vart tungt å spa opp og løde, og ikkje minst å frakte torva til gards. God veg ville lette både ferdsel og arbeid. På Syvdesida vart vegen frå Vik til Øvreberg byrja på alt i 1827, som ein av dei første i området. Vedtaket vart gjort på tingsamling med allmugen. Vegen var ikkje køyrbar med hjulreiskap, meir for eit slep å rekne. Denne vegen hadde dei fram til 1937, då det gjennom naudsarbeid og dugnad vart bygd køyreveg opp Bergsbakken. Utover 1950-talet vart øvste del av vegen lagt om, slik at både traktorar og større køyretøy kunne kome seg fram. I Bergsbakken ser ein enno 3 generasjonar med veg. På 1930-talet vart det også tatt initiativ til å byggje veg frå Syltedalen og opp til Kilebrekka. Staten løyvde 3000 kroner til arbeidet mot at alle grunneigarar ytte gratis grunn. Då skulle ein mann frå kvart bruk få arbeid på vegen. Arbeidet tok til og mot slutten av 30- talet var vegen ned til Øvreberg ferdig og ein fekk gjennomgangsveg mellom Vanylven og Syvde.



Vegen opp Kilebrekka, sett frå Årstøylen.



Utsyn frå Kilebrekka ned til Sylte og Syltefjorden



KAPITTEL 12

Krigsminne frå 2. verdskrig

Tida under den tyske okkupasjonen er kanskje den mest dramatiske perioden i Noreg i nyare tid. Krigen kom tett på folk i Vanylven gjennom utplassering av soldatar og etableringa av kystbatteri på Hakallestranda og Åram, og luftvern timer på Espeneset. Syvdefjorden, og seinare Syltefjorden, vart også nytta som ankringsplassar for båtar som venta på eskorte rundt Stadt. Det vart etterkvart eit vanleg syn med store konvoiar, på opp til 50 båtar, som låg og venta på å kome seg vidare. Utetter krigsåra utvikla det seg ei meldeteneste, der dei allierte vart varsla når konvoiane forlot fjordane. Dette medførte stadige angrep på den tyske skipstrafikken kring Stadt.

Særleg mot slutten av krigen var det hyppige allierte flyangrep mot tysk skipstrafikk i den indre skipsleia kring Vanylvs gapet og Åramsneset. Kystbatteria i området svarte med krysseld og dei lokale vart vitne til krigshandlingar på nærthald. I juni 1944 vart mellom anna «Hans Leonhardt», ein lastebåt med 2199 tonn ammunisjon ombord, treft. Eksplosjonen vart voldsom og det hagla delar av båten over heile Kvamsøya. Fleire hus vart også skada eller øydelagde som følgje av eksplosjonen i stor omkrets. Dei tyske tapa var store, 39 vart drepne og 64 vart skada. Dette gjorde sterkt inntrykk på folk.

12. september 1944 var det eit flyangrep på en Tysk flåte som segla gjennom Åramsundet. Det mest kjende skipet som vart bomba heit Felix Scheder. Det ligg i dag i Åramsundet, og er eit ynda dykkarobjekt.

Okkupasjonen medførte ei rekkje utfordringar i dagleglivet, folk opplevde at båtar, hus og radioar vart kverrsatte. Etterkvart vart det rasjonering på mest alle varer og bøndene hadde leveringsplikt på korn, poteter, mjølk, kjøt, ved og seinare også hø. Tyskarane hadde jamleg teljing av avling og husdyr, men stundom freista folk likevel å halde att noko av avlinga til eige bruk.

Dei tydelegaste materielle spora etter 2. verdskrig i Vanylven er å finne på kystbatteria på Åram og Hakallestranda, samt luftvern timer på Espeneset. Desse festningsanlegga var ein del av «Atlantehavsvollen», festningslinja langs heile Atlantehavskysten for å verne mot alliert landgang. Festningsverka er ofte monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er også særleg pedagogiske ved at føremålet ofte kan lesast og forståast på staden: til dømes kanonstillingar plasserte i terrenget slikt at ein kan rette eld mot trafikk langs kommunikasjonsårer. Festningsverka er også ei viktig kjelde til utfyllande kunnskap om 2. verdskrig.

I 2015 var det 75 år sidan 2. verdskrig starta i Noreg og Riksantikvaren hadde i samband med dette krigsminne som satsingsområde. Sjølv om satsinga er avslutta held ein fram med høgt fokus på krigsminna. Dette inneber oppmoding, støtte og tilrettelegging for kartlegging og formidling.



Stilling, nedsenka i bakken.



Utsyn utover Hallefjorden.

NR 12.1 ÅRAM KYSTBATTERI

Mai 1941 starta arbeidet med kystbatteriet ved Espeneset på Åram, og i juni var batteriet klart til bruk. Hovudskytset var 4 franske 10,5 cm Schneider feltkanoner som først vart sett i provisoriske stillingar. Festningsverket var eit stort byggverk som omfatta mellom anna 12 brakker, 18 bunkerar, 6 bygningar, 2 tunellar, 7 kanonstillingar, 18 skytestillingar, 2 lyskastarstillingar, 2 vegsperringar og 6 minefelt. Vidare vart eit bustadhus rekvirert, det var grave 20 m løpegraver og det vart nytta 1500 m piggråd. Arbeidet vart utført av tyske soldatar, norske arbeidarar og kring 60 krigsfangar. Folk, utstyr og materiell vart teke i land på kaia i Brandal og frakta med hest og kjerre til Espeneset. Seinare vart det bygd kai ved Espeneset.

Den første betegnelsen på batteriet var 21/579, men frå januar 1941 var det HKB 36/976. Først var batteriet underlagt Artillerigruppe Ålesund, men frå oktober 1943 vart det sortert under Artillerigruppe Stadlandet. Til sikring var det stasjonert ei eining frå 7 kompani av infanteriregiment 334. Batterisjef var Hauptmann Deppe.

Krigshandlingar på batteriet omfatta fire tilfelle der det vart skote mot allierte flystyrkar. I den eine vart batteriet kreditert nedskyting av eit fly.



Grunnmur og kjellar etter forsamlings- og spisebrakka. Etter krigen vart brakka flytta til Sørbrandal og nytta som forsamlingshus der.



Kanonstilling for 2 cm Flak, skyts nr 5, nedgravd i bakken. Veggav opplødd stein, kraftig attgrodd. Lokalisert ved sjøen på Espeneset.




Mur etter mannskapsbrakke



12.2 HAKALLESTRANDA KYSTBATTERI

Dette batteriet låg også under Artillerigruppe Stadlandet. Batteriet, sjå kartet under, hadde m.a. 4 stk 105mm Schneider kanoner, 4 stk lette luftvernkanoner, 9 brakker, 13 bunkerar og diverse skytestillingar, ei kai med minefelt og andre mindre anlegg. På kartutsnittet under ser ein skulen nr 1, brukt som offisersmesse og bedehuset nr 2 brukt som fangeleir for 60-70 fangar. Dei andre markerte firkantane er brakker. Brakkene er revne. Kanonane er nr 27, 32, 40 og 44 på kartet. Kommandobunkereren er 38. Mesteparten av anlegga er på Bergsnev. Ein del viser på på Norgeskart.



Bildet under viser ein av dei øvre kanonane. Det blir fortalt at tyskarane dreiv øvingsskyting mot Galgeholmen utanfor Flugevågen. Når dei inspiserte treffa på holmen, såg dei ei likkiste som var skoten opp. Den skulle ha vore kort av fordi lårbeina var avkutta, m.a.o. her skulle ingen gå att.





KAPITTEL 13

Rettarstader

I Noreg vart dødsstraff i sivile saker avskaffa i 1902, men fram til då har dødsstraff vore praktisert sidan dei eldste rettsordningane vart innført i landet. Avrettingane gjekk føre seg på særskilde stader, kalla rettarstader. I følgje tradisjonen skal det ha vore tre rettarstader i Vanylven kommune, Rovdeskjeret, Galgeholmen og Torvikholmen.

Rettarstadane i Vanylven er også knytt trolldomsprosessar eller hekseprosessar, altså rettslege granskningar av skuldingar om trolldom. På Sunnmøre vart det i løpet av 1600-talet reist 19 trolldomssaker og fleire vart dømde til døden. I Åheimsbygda vart tre dømt for trolldom i perioden 1609–1626. Dei vart alle brende på Torvikholmen. Mot slutten av 1600-talet, då hekseprosessane elles i landet var i ferd med å bli avvikla, kom det på ny opp fleire skuldingar om trolldom. Sunnmørsfogden Peder Lauritzen Kjærulv var fast bestemt på å utrydde hekseriet frå sitt distrikt og dermed villig til å ta bygdefolket sine skuldingar på alvor gjennom rettsleg etterforskning. I området Vanylven/ Syvde vart minst 8 personar skulda for hekseri og 3 av desse vart dømde for trolldom med døden til følgje. I følgje tradisjonen skal desse avrettingane skal ha funne stad på Rovdeskjeret. Dei fann stad i 1679 og 1680 og var av dei siste dødsstraffene for trolldom i Noreg. Etter desse dommane vart det på landsbasis berre avsagt to dødsdommar til, og hekseprosessane vart avvikla.

At folk vart dømde til døden, anten på grunn av trolldom eller anna, var ikkje daglegdags på denne tida heller og må ha gjort sterkt inntrykk på folk. Rettarstadane var frykta og sett på som stader med sterke krefter ein måtte vere varsame med. Ingen utanom bøddel og rakkar kom dit. Rettarstadane var ofte lagde til stader som låg avsides til. Langs kysten var holmar og skjer ideelle stader. Her kunne bygdefolket liggje i båtane sine og få med seg det som hende, utan å komme i kontakt med det uhyggelege som føregjekk. Styresmaktene ville gjerne at avrettingane skulle bli sett, som skrekk og åtvaring, men ein veit også at folk var nyfikne og opptekne av bygdefolket sin skjebne.

NR 13.1 ROVDESKJERET

I følgje tradisjonen vart tre personar brent på Rovdeskjeret som følgje av skuldingar om trolldom. I 1679 vart Anne Mogensdot-

ter Løset skulda for trolldom. Ho hevda først si uskuld, men ved forhøyret 29.10.1679 kjem det fram at sjelesørgjaren hennar hadde kome med sterke formaningar om å tilstå. Dermed sa Anne seg skuldig og ga full tilståing. Ho gav også namn på andre ho skulle ha utført hekseri saman med. Ei av dei ho skulda, grannekjerringa Marit Løset, vart også dømd og brent på bålet året etter.

Ingebrikt Størkersson, også kjent som «Tater- Ingebrikt» eller «Lefse- Bjørn» vart skulda for trolldom i 1680. Også han kom frå små kår, han var ein fattig omstreifar som tigga til livets opphald. Han hadde heldt seg med eit taterfølgje i bygda, og i følgje tilståinga til Ingebrikt, var det her han hadde fått opplæring i trolldomskunst. Han brukte trolldomskunstane sine til å kaste forbanningar over folk og dyr slik at dei vart sjuke og døyde. Under rettsprosessane vitna ei rekkje bygdefolk om korleis trolldomen hadde råka slektningar og dyr. Han vart kjend skuldig og dømt til døden ved brenning. Som mann var han av mindretallet av trolldomsdømte i Noreg.

NR 13.2 GALGEHOLMEN

I følgje tradisjonen har det stått ein galge på Galgeholmen, og holmen vart nytta som rettarstad. Ei av dei mest kjende historiene knytt til rettarstaden, er historia om Ane Olsdotter Humbrorstad:

Ane Olsdotter Humbrorstad kom frå små kår, født i Nordfjord ein gong på 1670-talet. Etter kvart slo ho seg ned i Vanylven, først i Almklovdalen og seinare i Syltefjorden, og livnærte seg av småjobbar rundt om på gardane og tiggig. Rundt 1701/1702 skjedde det katastrofale for Ane, ho vart gravid med ein gift mann. Ho kom i ein fortvila situasjon, det var strenge straffer for sex utanfor ekteskap på denne tida, og i tillegg kom skamma.

Ho fødte barnet sitt, ei jente, men barnet var dødfødt og ho plasserte det i utmarka. Då dette vart kjent, vart ho skulda for barnedrap, arrestert og plassert i fangeholet på Haugsholmen. Ho erkjende å ha fødd ei jente i løynd, men nekta for å ha drepe barnet. Ho vart likevel dømt til døden ved halshogging. Den 19. september 1702 var dommen fullført og hovudet vart sett på ein stake på Galgeholmen.





KAPITTEL 14

Hus og stader knytt til kjende personar

NR 14.1 P.M. RØWDE

Bøtunet, gbnr 116/15, var på slutten av 1800-talet del av eit lite senter i bygda. Nede ved sjøen, på Bryggja, var det landingsvør for prest og folk som skulle til kyrkje. Mot slutten av 1800-talet hadde rutebåten stopp her og det var både butikk og meieri. Oppe i Bøstova var det postkontor. Bøstova er bygd i 1871, men den eldste delen er truleg over 200 år gamal. Det var her Peter Matias Røwde vaks opp.

Peter Matias Røwde vart fødd i 1876. Sidan mora var både ung og ugift, vaks han opp hos besteforeldrane. Røwde var tidleg fast bestemt på å bli forretningsmann og som ungdom hadde han ulike handels- og kontorjobbar i Ålesund og Bergen, før han i midten av 1890-åra gjennomførte militærtjeneste i H. I. M. Kongens garde. Etter dette byrja han i manufakturbransjen. Som 24. åring starta han sitt første firma: engrosfirmaet Røwde og Co. Firmaet handla i tekstilar og manufaktur med ulike utanlandske agenturer. Han var oppteken av at Norge skulle ha eigen industri og i 1906 anla han Viking Gummivarefabrikk og i 1920 Askim Gummivarefabrikk. Det var starten på det kjende merkevaret Viking, som produserte mellom anna kalosjar og gummistøvlar og seinare bil- og sykkeldekk. P.M Røwde var ein allsidig mann og var også ein periode ungarsk konsul og generalkonsul.

Røwde vart ein suksessrik mann som tente store pengar, men han gløymde ikkje kvar han kom frå. Han løyvde pengar til ulike føremål i heimbygda og i fleire år gav han gummisko til skuleborna.

P.M Røwde døyde i 1955, 79 år gamal. I 1954 vart det sett opp byste av han på heimgarden, laga av Kolbjørn Sørli. I 2010 vart det anlagt parkeringsplass på tunet, der det også vart sett opp informasjonsskilt.





Bustadhuset til Elna og Ansgar Leiten. Ansgar var kunstmålar. Han var fødd og oppvaksen på Leite i Syvde. Elna og Ansgar fekk bygt dette særmerkte huset med fasade av stein. Det er mest truleg Ansgar, Elna og dottera Elvira som er avbilda på trappa framfor huset. Foto: Fylkesfotoarkivet Møre og Romsdal, Fotograf Sverre Brudevoll

NR 14.2 ANSGAR OG ELNA LEITEN

Ansgar Leiten var billedkunstnar, skulptør og poet i meir enn 60 år. Han meistra mange teknikkar, og brukte gjerne sterke farger og rette linjer. Truleg har han måla fleire tusen bilete. Bileta hans finst i mange heimar og han har betydd mykje for kunstinteressa på Sunnmøre og i Nordfjord. Han ga også ut mange diktsamlingar. Han var fødd i Syvde i 1908 (død 1992). Han var gift med Elna Leiten, fødd i 1922. Dei budde på Eidså, der dei bygde eit særeige bustadhus i stein ca.1950, ein kunstnarheim. I fasaden er det støyt inn grønne flasker. Leiten er kanskje den første som har levd av kunstnaryrket i Vanylven. Elna Leiten starta med kunstmaling først etter hans død, og er kjend for sin evne til å deklamere dikt.

SYVDSNESEN

Vart fødd på Rovde og døypt i Rovde kyrkje i 1812, Han vaks opp på Syvdsnes, derfor namnet. Far hans var jekteskipper og reiste mykje til Bergen. Sonen var med frå han var ein gutunge, og dei vart ofte liggande verfast og vente på å kome forbi Stad. Der møtte dei ofte mykje folk, og mange hadde med seg feler til tidskorting og kappspeling. Petter vart kjend som ein god spelemann. Ein gong dei var i Bergen fekk dei høyre at Ole Bull skulle halde ,konsert og kappleik. Syvdsnesen og mange frå båten møtte fram. Då dei kom inn i salen var det ein som ropa: Der er Syvdsnesen, han må fram å spela! Og slik vart det, Etterpå skulle forsamlinga avgjere kven som hadde spelt best. Ole Bull vart nummer 1. Syvdsnesen vart nummer 2. Folk sa det slik: Syvdsnesen spelte best, men han heldt fela litt for høgt, var vadmålkledd og snakka bondemål. Ole Bull hadde svart dress, kvit vest og tok seg godt ut.

Syvdsnesen vart gift med gardjenta Dorte Pålsdotter Eikrem i Syvde og flytta dit og tok naamn etter garden. Han vart etterkvart ein ettertrakta spelemann i bryllaup. Han døde av lungebetennelse før han var 50 år gammal, men før han slokna vart han omvend og då tok han avstand frå det syndige felespelet og alt som følgde med. Fela vart øydelagd og han tok den lovnaden frå borna sine at dei aldri skulle eige ei fele eller spele på eit slikt syndens instrument.

BYGDENE VÅRE I ELDRE TID-NEDTEIKNINGAR AV ELINE ULVESTAD-UTGITT AV HARALD ELLING ULVESTAD S. 175



14.4 Barndomsheimen til Inger Hagerup. Les meir om Inger Hagerup i kapittel 16, litteratur.



KAPITTEL 15

Museum og samlingar

Lause kulturminne kallar ein dei ein kan skilje frå landskapet og setje i eit monter. Det kan vere ein pilspiss, eit gevær eller til dømes eit klesplagg, gjenstandar som representerer lange kunst- og handverkstradisjonar. Opp gjennom historia har tinga vi omgjev oss med endra seg. Gjennom modernisering har reiskap, klede og møblar gått ut av bruk og blitt erstatta med nye. Mykje har blitt kasta i denne prosessen, men mykje har også blitt tatt vare på. Gjenstandane fortel mykje om livet i «gamle dagar» og fører oss ofte nærare einskildmennesket enn faste kulturminne. Lause kulturminne er samla til fleire nasjonale, regionale og lokale samlingar, til dømes Universitetsmuseet i Bergen og Sunnmøre Museum. I tillegg finst det også fleire private samlingar på gardane rundt om i kommunen.

VALBORGSAMLINGA

Valborgsamlinga er ei samling av tekstilar og kvardagslege husgeråd, hovudsakleg knytt til kvinnelivet på ein vestlandsgard. Samlinga inneheld over 500 gjenstandar, dei fleste frå perioden mellom 1800 og 1900. Eit tinnfat frå 1690 er den eldste gjenstanden. Alle gjenstandane er registrert av Sunnmøre Museum, i dag eig Vanylven kommune samlinga.

Dama bak samlinga heitte Valborg Kroken (1905-1967) og var opphavleg frå Sandøy. I 1934 gifta ho seg med Johannes Kroken frå Sunndalen og flytta til garden der han vaks opp. Valborg starta med å samle bruksting frå garden der ho budde og frå andre gardar i nærområdet. Ho levde i ei tid med store endringar og moderniseringar og ynskja dette velkomen. Samstundes var ho oppteken av å ta vare på dei gamle tinga for å vise fram mangfald og utvikling. Ho såg at dei utsletne kvardagstinga fortalde mykje om menneska og korleis dei levde livet.

Thue skule huser meir enn Valborgsamlinga; eit rom er innreidd som eit klasserom frå 1955, ein rekonstruksjon av Grubsebutikken, historia om Åheim kino, telefonstasjonen på Åheim, historia om St. Jetmund kyrkja og ei samling med fiskereiskap og verky m.m. Norsk Olivinsenter og ein lokal gullsmed har lokale i kjellaren. Loftet disponerer Åheim Kvinne- og familielag, der dei har rom til sine aktivitetar som møte kurs, juleverkstader, hobbykveldar og likande.



Kristigarden

KRISTIGARDEN, VIK

Museum, eigd og drive av Syvde sogelag. Ein del av klyngetunet til 12 bruk, med tilhøyrande naustrekke. Utskift i 1873 (eige kart over dette). Dei bygger no opp eit uthus på gamle murar i tunet. Røykstove fall i orkanen Dagmar. Dei har teke vare på noko av det gamle tømmeret. Husflidsarbeid frå mange i bygda er samla i Kristifarden, med andre arbeid av Johanne Landsverk som fekk diplom for handarbeid og landbruk.

BÅTSAMLINGA

Eigd av Åram Sogelag, rikholdig modellbåtsamling. Utstillinga syner utviklinga av båttypar knytt til lokal- og verdshistorie (t.d. miniatyrar av færingar, jekter, dampskip, rutebåtar, polarskip, klipperar og redningskøyter). Fortel om den lokale utviklinga innanfor fiske, fangst og transport

ÅRAM SOGELAG

Held til på Hakallestranda gamle skule (Husmortun). Stor samling av gjenstandar, bilete og dokument, inkludert ei stor samling av krigsminne. Eit eige rom fortel historia om Åram skule fram til nedlegginga i 2011. Også eit rom møblert og utstyrt i 50- tals stil.

SOGEHUSET NORDSTRANDA

Eigd av Laila og Helge Norhagen. Huset var oppsett som bedehus i 1902 på Godøya utanfor Ålesund, og var i bruk fram til tidleg 50-talet. Det vart så flytta til Nordstranda og teke i bruk som samlingshus/bedehus fram til 2010.

Inneheld: eit stabbur, diverse innbo, klede, kjørel, bilete, verktoy, telefonsentral og ein god del elektroutstyr frå forsyningsanlegg. Ein kan og sjå den nest eldste generatoren som var teken i bruk i Vanylven (1924), gamle telefonapparat, gamle fiske- og landbruksredskapar, våpen og fangstredskap, og gammalt undervisningsmateriell. Samlinga inneheld og diverse historiske vekeblad, misjonsblad, julehefte og bøker.



Valborgsamlinga



Åram sogelag si samling



Kristigarden



Åram Sogelag si samling



Sogehuset på Nordstranda



Båtsamlinga på Åram



Åram sogelag si samling



Valborgsamlinga

Fangstnota er full av fugl
Far løyser dei varsamt fri

Eg tenkjer på dei orda eg finn
som eg ikkje klarar sleppe laus
Eg rekkjer far merkjetonga
spør om han trur på
at ord kan fangast

Han held fuglen lenge i neven
Kjenner den raske pulsen
mot innsida av fingeren
Før han løyser grepet og svarar:
Sjå

KAPITTEL 16

Litteratur

Vanylven kommune utmerkjar seg med eit høgt tal forfattarar sett i samband med folketalet. For fleire av forfattarane ser ein at oppvekst og tilknytning til bygdene kringom i kommunen har vore til inspirasjon i forfattarskapen.

Mellom dei mest kjende forfattarane med røter frå Vanylven er Inger Hagerup og Maria Parr. Maria Parr er ein av Noregs mest kjende barnebokforfattarar, bøkene hennar er omsett til fleire språk og ho har vunne fleire, både nasjonale, og internasjonale prisar. I 2005 debuterte ho med boka «Vaffelhjarte». Den varme historia om dei to niåringane Trille og Lena vart også TV-serie og sendt som barne tv på NRK SUPER. I 2009 kom «Tonje Glimmerdal», boka hausta eineståande kritikkar og vart bestseljar det året ho kom ut. I 2019 er ho aktuell med den lettlesteboka «Storebror».

Handlinga i både «Vaffelhjarte» og «Tonje Glimmerdal» er lagt til ei uspesifisert bygd ved fjorden, på Vestlandet. Som vanylving, er dette eit miljø Maria Parr er godt kjend med og ho formidlar livet her på ein truverdig måte, med stor kjærleik til både natur og folk.

INGER HAGERUP

Inger Hagerup vert rekna som ein av dei fremste norske lyrikarane på 1900-talet. Ho debuterte med diktsamlinga «Jeg gikk meg vill i skogene» i 1939. Det var likevel først i 1945, ved utgjevinga av diktsamlinga «Videre», at ho vart eit nasjonalt diktarnamn. Då vart det også kjent at det var ho som stod bak kampdiktet Aust- Vågsøy, som hadde versert illegalt under 2. verdenskrig. Forfattarskapet hennar var mangfaldig og innholdsrikt. Ho er mellom anna blitt kalla kjærleikens poet og er kjend for intense og direkte dikt om samansette kjensler. Ho er også kjend for sine mange og nyskapande barnedikt og har stått for store gjendiktingar av mellom anna Shakespeare og Goethe.

Inger Hagerup var fødd i Bergen i 1905. Johan Halsør, far til Inger, døyde då ho var 5 år gamal. Ei stund etter, i 1915, flytta ho saman med mora Karen Marie, og broren Sverre, til Slagnes. Jakob Totland, bror til Karen Marie, hadde slått seg opp som handelsmann og budde her saman med familien sin. Han eigde mellom anna eit bakeri og her flytta Inger, mora og broren inn, på «bakeriloftet». Huset vart seinare kalla «Fyrste plass», fordi Karen Marie var så pertentleg.

Inger Hagerup budde her fram til ho byrja på realskolen i Volda i 1919. Etter at ho vart vaksen, var det åra på Slagnes ho hugsa best frå barndomen og når det var snakk om røter, var det Slagnes ho likte å tenke på. Det var også her ho skreiv si første novelle til barnebladet «Magne».



Barndomsheimen til Inger Hagerup på Slagnes.

FORFATTARSKILDING

Inger Hagerup

Fødd 1905 i Bergen. Død i 1985. Flytte til Slagnes som barn og budde der fram til konfirmasjonsalder. Reknast som ein av 1900-talets fremste lyrikarar. Frå debuten «Eg gikk meg vill i skogene» (1939), gav ho ut ei mengd bøker både for born og vaksne. Ho var også omsetjar.



Inger Hagerup. Foto: Scanpix.



Maria Parris barnebøker.

Maria Parr

Fødd 1981 på Fiskå. Ein av landets fremste barnebokforfattarar. Bøkene Vaffelhjarte (2005), Tonje Glimmerdal (2009) og Keeperen og havet (2017) er alle omtykte og prislønte bøker. Ho har motteke ei rekkje prisar, mellom dei Vanylven kommune sin kulturpris i 2011.

Lars Almklov

Fødd 1932 på Åheim. Mellom utgjevingane er: Langs ferdavegen (1987), Liv og landskap (1990), Samla dikt (2002). I 2005 fekk han Vanylven kommune sin kulturpris.

Marie Lovise Widnes

Fødd i 1930 i Syltedalen. Kulturpersonlegdom, visesongar, politikar, skribent og artist. Ho vart for alvor nasjonal kjent for «Gangdøra» i 1957. Har gjeve ut fleire samlingar med viser, dikt og tekstar.

Jostein Krokvik

Krokvik, Åram, Fødd 4. januar 1927 og død 29. mars 2007. I 1969 debuterte han med romanen Fangevaktaren. Seinare gav han ut over tjue skjønnlitterære bøker – romanar, noveller, dikt og barne- og ungdomsbøker. Siste boka var diktsamlinga Klokkevisaren, som kom i 2007. Målmann og redaktør. I 2003 fekk han Vanylven kommune sin kulturpris.

Sigrun Krokvik

Sigrun Krokvik (eigentleg Sigrun Karin Christiansen), fødd 30. august 1932, død 8. april 2007. Sigrun var opphavelg frå Horten og flytta til Vanylven med sin mann Jostein Krokvik. Ho gav ut den psykologiske thrilleren «Bortreist på ubestemt tid» og vant den aller første Rivertonprisen i 1972. Boka vakte stor oppsikt og var eit tidsskifte i krimlitteraturen. I 1974 ble boka filmatisert av Pål Bang-Hansen. Filmen reknast som eit sentralt verk blant norske krimfilm.

Anna Sandnes

Sandnes var fødd i Syvde 30. januar i 1903 og død 15. februar i 1988. Først seksti år gammal gav ho ut barneboka Basta Bom, og debuterte som lyrikar i 1966 med samlinga Med levande lys. Fem diktsamlingar følgde, den siste Sol om kvelden kom i 1980.

Bodil Magdalena Dyb

Fødd 1943 på Rovde, død i 2016. Ho gav ut tre diktsamlingar. Debuten kom i 1976 med I villhagen. I 1978 følgde Solfangaren og i 1988 I dette du rører ved. Ho skreiv også éin roman, Gjenkjennelsen (1999). Aktiv i kunst og musikkmiljøet på sørlandet.

Lena og Trille ved havet, frå Tv-serien «Vaffelhjarte» © NRK



Øystein Vidnes

Fødd 1976 på Fiskå. Forfattar, formgjevar, omsetjar og bokmeldar. Han har skriva bøkene Bondeforteljingar (2002) og Ekstasar (2006), og har omsett fleire bøker frå både tysk, portugisisk og engelsk.

Hilde Myklebust

Fødd 1979 i Syltedalen. Skriv både prosa og dikt, for både vaksne og born. Mellom utgjevingane er diktsamlingane Berre dagar seinare (2005), Søkk (2008), Kvar ein fugl (2018). Romanen Glødepunkt (2011) tek utgangspunkt i bergverksindustri med olivin.

Martin Baldysz

Fødd 1977 i Knarvik. Flytte til Syltedalen i 2012. Debuterte med romanen Vintertrang i 2013.

Egil Landsverk

Fødd på Landsverk (b.nr. 5) i Syvde i 1891. Han døydde i 1969. Egil var bonde, diktar og amatørfilosof. Dei beste dikta hans skal vere samla og utgjeve som hefte.

Gerhard Anderson Fiskaa

Fødd 1864 på Fiskå, døyde i 1934. Han var ein produktiv lyrikar og eit særmerkt menneske som budde og levde storparten av livet i Vanylven. Gerhard gav ut tre diktsamlingar og skreiv eit utkent tal prologar og høvesdik.

Ivar Solheim

Fødd 14. mars 1903 og budde på Indre Tunheim. Han var student og diktar. I studietida fekk han tuberkulose og døyde berre 29 år gamal i 1932 under sitt lange opphold ved Reknes Sanatorium i Molde. Ivar etterlet seg ei samling dikt som finst i Universitetsbiblioteket si handskriftsamling. Saman med dikta fylgde ei liste over noveller og forteljingar.

Borgfrid Kjærstad

Født 14. juli 1921, vaks opp Eidså, der ho vart buande til ho døde i 2011. Ho var ei samfunnsengasjert dame, som skreiv kvardagsfunderingar i form av debattinnlegg, prologar, dikt og kåseri. Borgfrid skreiv mest for seg sjølv, men gav ut ei samling tekstar som heitte «Blanda drops» ved hjelp av Synste Møre.



KAPITTEL 17

Fjell og utmark

Fram mot midten av 1900-talet var utmarka var ein vesentleg resurs for gardane. For husdyrhaldet var utmarka med gode beiter avgjerande. Når vårknipa kom, var det ei lette for bøndene å kunne sende dyra ut på beite.

På våren og hausten gjekk dyra på utmark nær gardane. Her hadde dei vårkjøsar dyra vart samla i om nettene som vern mot rovdyr, ver og vind. Midtsommars vart buskapen sendt til fjells, på stølane og det var herifrå avdråtten kom. Nokre gardar hadde stølar med sel, der budeiene kunne overnatte, men mange gardar hadde berre faste mjølkeplassar. Budeiene gjekk då opp og ned, kvar morgon og kveld, men mjølka i ei hylkje på ryggen.


På 1700-talet og fram mot midten av 1800-talet var det eit stort problem med rovdyr, både ulv og bjørn, samt mindre rovdyr som gaupe og rev. For å passe buskapen i fjellet då, hadde dei gjetarar. Fleire stader kringom i marka finn ein murar etter små vakstrehus, der gjeterane budde. Vakstrehus ligg ofte på plassar der dyra kunne legge seg til for natta (støyle seg). Ein finn også restar etter innhegningar og kvier som ein samla dyra i om natta.

Ein annan livsviktig resurs i utmarka var brensel. Kvar gard måtte ha ved eller torv til både oppvarming og matlaging. Skog var det heller lite av, i kyststrok har skogen dårlege kår, det, sa-

man med hard beiting, gjorde utmarka heller snau. Torv vart derfor mykje nytta som brensel. Fleire stader ser ein torvuttak og ein finn spor etter torvløder. Somme stader fekk dei etterkvart løypestreng for å frakte torva til gards. På 1930-talet vart det bygd fleire vegar i utmarka gjennom naudsarbeid og dugnad. Det var ei lette for folk å få køyreveg til fjells for å mellom anna hente torv.

Før vegnettet vart utbygd og motorisert køyretøy vart teke i bruk, nytta folk stiar i fjell og dalar for å ta seg fram frå bygd til bygd. Der sentrale stiar frå ulike bygder møtest, vart det gjerne ein samlingsstad for folk. Fleire stader hadde ein årvisse stemnestader, der folk frå ulike grender samla seg, med program som song, musikk og leikar.

I dag nyttar vi helst fjell og utmark til tur og rekreasjon, stølane er blitt til fritidshytter og ferdslårane til turstiar. Når ein ferdast i fjell og mark, kan ein likevel sjå mange spor etter tidlegare bruk. På nettsida www.morotur.no finn ein tips om fine turar i heile Møre og Romsdal, også Vanylven kommune. Turane er lagt inn av frivillige og organisasjonar i dei ulike kommunane og i omtala av desse turane er det ofte skildra kva kulturminne ein kan sjå.



RØVARHOLENE I SAURDALEN

I Saurdalen veit ein om fem holrom under store steinar. Røvarsteinen i Koppemarka, to ved Velvora, Røvarsteinrinden og Kjøvehellaren. Det var truleg folk frå andre bygder som var på rømmen som slo seg ned i desse holene for 200-400 år sidan. Dei livnærte seg med å fare rundt på gardane og stele mat eller dyr. Folk vart sinte på dei, og historia fortel om fleire drap på desse fredlause.

Foto: Særskilt røvarhola fremst i dalen utmerkar seg. I framkant av området låg der ei stor helle som vart kalla gravsteinen, men denne vart teke av flaum.

KJELDE AAGE SØRDAL/GRETHA SØRVIK RUSTEN



17.2



NR 17.1 KILEBREKKESTØYLEN

NR 17.2 BRU OG FERDSELSVEG VED ØVREBERG

Brukaret har to løp og er dekt med steinheller. Tydeleg veg/slep vidare bak i dalen.

NR 17.3 DUEEGGA- STEMNESTAD

Dueegga ligg på fylkesgrensa mot Nordfjord. Vegen over Dua var lenge ei viktig ferdselsåre mellom Nordfjord og Sunnmøre. Driftekarar, ferdafolk og kramkarar tok same vegen, og mange fann seg ektefelle «på andre sida av fjellet». I ein elles strevsam kvardag, var det for mange eit høgdepunkt å gå over fjellet for å besøke slekt og vener. Duegga har lang tradisjon som stemnestad. Det årvisse Duestemnet vart arrangert første søndag i august og det var ungdomslaga på begge sidene av fylkesgrensene, som arrangerte, kvar sin gong. Folk kledde seg i finstasen og samlast til program med talar, handskrivne blad, song, musikk og leikar.

Registrering og prioritering av kulturminner i utmark er ikkje ferdig, men vert prioritert i handlingsplanen.



ASKID – liste kulturminne kapittel 1

ASKID	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	GARDSNAMN	EIGEDOM	SKILDRING (UTDRAG FRÅ ASKELADDEN)
6092	Gravminne	Syvdsnes	121/1	Gravrøys, «Kongerøysa», om lag 14 m i tverrmål og kring 1,50 m høg. Røysa er dekt av tjukk grastorv med unnatak i NV der ho er noko utkasta. Her ligg det steinar/blokker, 0,10-0,60 m store. Av di graset ikkje lenger vert slege, er røysa no noko overgrodd og skil seg ikkje særskild ut frå lendet i kring.
6480	Gravminne	Holo	146/2	Røysa er 10 m i tv. og kring 1 m høg. Ho er heilt torvdekt og grasvaksen, men steinar/blokker stikk i dagen her og der. Ho er noko avskaven i vestre kant. Midt i røysa veks ein stor tvidelt rogn.
15918	Gravminne	Hundsnes	6/1	Røysa er om lag 6 m i tverrmål og 0,7 m høg. I sentrum av røysa er det eit om lag 2 m langt, 0,6 m breitt og kring 0,3 m djupt søkk. I søkket kan ein sjå nokre steinar, men røysa tykkjest å innehalde mykje jord. Røysa er uklårt markert og syner dårleg i lende, ikkje heilt utan tvil.
15919	Gravminne	Sighaug	5/6	Røysa er om lag 19 m NV-SO og om lag 16 m NO-SV. Ho er bygd av steinar/blokker som stikk i dagen berre her og der. Elles er røysa heilt tilvaksen med grastorv, og det veks lyng, einer og små rognebusker på ho. Røysa er mykje skadd, ho er heilt utkasta i søre halvdel der berre den yste kanten står att.
25653	Gravfelt	Hundsnes	6/25, 6/3, 6/4	Gravfelt, sjå tekst. Med i regional delplan for kulturminne i MRF (MR 2015:ID 1158).
25654	Gravminne	Myklebost	7/1, 7/3	Røysa er 10-12 m i tverrmål og vel 1 m høg, bygd av 40-70 cm store blokker som stikk i dagen her og der. Ho er sterkt tilvaksen med gras og delvis med bregner og einer. Dei 3-4 røysene som Fett nemner skal liggje innafor, kring 30 m frå den registrerte røysa. Det er ikkje lenger mogeleg å påvise då det no er sterkt tilvaksen med gras, busker og tre.
25655	Gravfelt	Skorge, ytre		Samlinga måler kring 15 x 35 m, orientert Ø-V. Dei to røysene, Fetts f.k.n.r. 2, ligg orientert N-S med 1 m mellomrom. Røysene er kring 7 m i tverrmål og 0,5 m høge. Båe røysene er godt synlege i lendet, men dei er uklårt markerte. Omlag 4 m Ø for Fetts f.k.n.r. 2, ligg ei tredje røys. Det er uråd å avgjere om dette er ei langrøys orientert Ø-V, eller om ein har å gjere med fleire mindre røysar som ligg etter kvarandre i ei rekkje.
45583	Gravminne	Åheim	46/1	Røysa er om lag 10 m i tverrmål og opptil 0,5 m høg. Ho er bygd av 0,1-0,5 m store steinar/blokker som ligg nakne i dagen. I nordre del ligg det nokre store blokker, den største er om lag 1,4 x 0,8 x 1 m. Inn frå vestre kant av røysa går det ei om lag 3 x 1 m vid og 0,5 m djup "grøft". Elles er røysa noko utkasta, særleg i austre del. Røysa er tilvaksen med einer i kantane.
45584	Gravfelt	Tue	71/68	Røysa f.k.n.r. 1/1 ligg kring 175 m N for to nybygde naust som står heilt i kvarandre. Ho er om lag 10,5 m i tverrmål og opptil ca. 2 m høg i nedre kant (sett frå V). Røysa f.k.n.r. 1/2, ligg 30 m NNØ for f.k.n.r. 1/1. Ho er om lag 10 m i tverrmål og om lag 1,5 m høg i nedre kant (sett frå V).
60480	Gravminne	Hundsnes	6/1	Røysa er 9 x 5 m, orientert Ø-V, og knapt 1 m høg. Røysa er heilt tilvaksen med gras, mose og lyng, men i den nordlege delen som er noko skadd, stikk ein del 20-30 cm store steinar/blokker i dagen.
60481	Gravminne	Skorge, ytre	72/1	Røysa er om lag 12 m i tverrmål og knapt 2 m høg. Røysa er bygd av steinar/blokker, 0,15-0,40 m store. Røysa er særst godt synleg i lendet.
60482	Gravminne	Sundnes	107/4	Røysa er om lag 5-7 m i tverrmål, orientert Ø-V, og knapt 1 m høg. Ho er noko utkasta, særleg i vestre kant, og dermed umogleg å avgrense klårt då ho er heilt tilvaksen med mose og lyng slik som omgjevnaden.
60577	Gravminne	Bjørlykkjo	131/3	Fra utgravning: Det ble ikke gjort funn av gjenstader eller konstruksjoner, men utgraver hoder fast ved tolkingen som gravhaug. // Fra registrering: Røysa 1/2 er 6,5 m i tverrmål og kring 1 m høg. I midten er det eit lite søkk. Ho er gras- og mosegrodd og steinar stikk i dagen. Røysa 1/3 er om lag 8 m i tverrmål og kring 1 m høg.
66546	Gravfelt	Sighaug	5/6	Samlinga dekkjer eit område som er 45 x 35 m vidt, orientert NNV-SSØ. Røysa f.k.n.r. 2/1 ligg om lag 55 m SSV for våningshuset i ein om lag nordsørgåande steingard som skjer av den vestlegaste delen av røysa. Røysa er om lag 12 m i tverrmål og opptil 1,5 m høg i søre del. Røysa f.k.n.r. 2/2 ligg om lag 1,5 m aust for 2/1. Ho er om lag 15 m i tverrmål og 1,5 m høg. Ho er bygd av 20-50 cm store steinar/blokker som ligg i dagen i eit 2-3 m breitt belte Ø-V, om lag midt langs røysa. Røysa f.k.n.r. 2/3, ligg om lag 8 m SSØ for 2/2. Ho er om lag 15 m i tverrmål og 1,5 m høg.
85320	Kirkested		116/4	Sjå kap 7, nr 73.

ASKID – liste kulturminne kapittel 1

ASKID	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	GARDSNAMN	EIGEDOM	SKILDRING (UTDRAG FRÅ ASKELADDEN)
85534	Kirkested	Åheim	46/111, 46/45, 46/127, 46/18	Sjå kap 7, nr 71
87644	Gårdstun	Litle Almklov / Bøen	56/1	Sjå kap 2, nr 2.3.
92518	Gravminne	Sandvik	148/1, 148/3, 148/47	Røysrest der kun den nordre delen står igjen som en skalk. Tverrmålet Ø-V er ca 10-11m. . En ca 30 x 40cm stor kvitt kvartsittstein ligger i østre kant av røysa.
103280	Bosetning-aktivitet-sområde	Sandnes	103/7, 103/31	Beskrivelse fra lokalitet: 16 stolpehull, ett ildsted, og et avtrykk etter veggvoll. Beskrivelse fra Enkeltminne: Gården Sandnes har sannsynligvis vært bosatt mer eller mindre kontinuerlig gjennom periodene yngre steinalder/bronsealder, jernalder/vikingtid og middelalder. Med i regional delplan for kulturminne i MRF (MR 2015:ID 1159).
112059	Bosetning-aktivitet-sområde	Fiskå	11/14, 11/30	
112061	Bosetning-aktivitet-sområde	Tørlen	10/15	
112062	Bosetning-aktivitet-sområde	Fiskå	11/127	
112064	Bosetning-aktivitet-sområde	Fiskå	11/6	
112066	Kokegroplokalitet	Tørlen	10/14	
112068	Bosetning-aktivitet-sområde	Tørlen	10/3	
129432	Gravfelt	Strand Indre	9/5, 9/6	To mindre, runde lyngbevokste hauger med enkelte stein synlig.
129434	Kirkested	Myklebust	89/23, 89/14, 89/206, 89/34	Sjå kap 7, nr 7.4 og 7.5.
129448	Kokegroplokalitet	Åheim	46/119, 46/59	Strukturen må kunne betegnes som en sikker kokegrop. Kokegropen av den typen som ble funnet på Åheim har det ikke vært så vanlig å finne. Nærmeste parallellen som jeg selv har undersøkt, er en av gropene fra Blinkentomta på Aure i Sykkylven.
129466	Bosetning-aktivitet-sområde	Knardal	114/5, 114/79, 114/1, 114/72, 115/4, 114/4	Sjå skildring i tekst. Med i regional delplan for kulturminne i MRF (MR 2015:ID 884).
129524	Bosetning-aktivitet-sområde	Sandvika	148/13, 148/5, 149/3	Åttende sjakt (sjakt A) ble gravd gjennom en eksisterende åpning i en geil som går nord-sør langs tomtegrensen. Under torvdekket i geila ble det påvist en fremdeles godt fungerende holveite som går nedover langs midten av geila. Geila går i nordnord-vest-sørsørøstlig retning langs vestsiden av arealet for fritidsbolig. Den nordlige ende slutter ved veien på motsatt siden av veien fra gårdens låve. Geiler som denne har ofte tradisjon tilbake til middelalder. Steingjerdene i geila er svært godt bevart langs hele det planlagte utbyggingsarealet.
140171	Skipsfunn			Vrak: Nobel (Tidl. navn: Ramoen). BRT: 158. Størrelse: ca. 100x20 fot. Forlist: 11. Juni 1937. Årsak: Kolliderte og sank.
144818	Bosetning-aktivitet-sområde	Fiskå	11/216, 11/127	Beskrivelse fra lokalitet: Juli 2007 ble det gjort en større registrering i og omkring sentrum av Fiskåbygd. Det ble da påvist 3 stein-/bronsealderboplasser, en trolig jernalderboplass og to andre lokaliteter som muligens var førreformatoriske. Funn av flint. Ingen intakte kulturlag.
144827	Bosetning-aktivitet-sområde	Fiskå	11/4, 11/202	Det ble åpna 2 sjakter parallelt med vegen. Det ble påvist funn i begge, i form av to kokegropen og parti med klart avteikna ardspar. Lokalitetens avgrensning mot vest er veldig usikker.
144835	Bosetning-aktivitet-sområde	Fiskå	11/202, 11/4	Sjå skildring i tekst.

ASKID – liste kulturminne kapittel 1

ASKID	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	GARDSNAMN	EIGEDOM	SKILDRING (UTDRAG FRÅ ASKELADDEN)
144838	Gravminne	Hundnes	6/1	Det ligger også en mulig gravrøys like ved, mot sørøst.
144843	Bosetning-aktivitetsområde	Slagnes	43/2	En steinalderlokalitet. 9 positive prøvestikk av totalt 27 stykker. Disse inneholdt flint. Ettersom lokaliteten er strandnær, tolkes den til å høre til de tidlige faser av steinalderen.
144853	Dyrkingsspor	Myklebust	89/19, 89/16, 89/23	Eit fossilt dyrkningslag under matjorda. Dyrkningslaget er ikke avgrensa utover det som er påvist i sjaktene. Det vil kunne fortsette mot sør og mot vegen, og vidare innover tomte mot tuna.
144858	Bosetning-aktivitetsområde	Fiskå	11/14, 11/26	Aktivitetssonen ser ut til å være konsentrert til høyden rundt den sørøstlige delen av bergknausen - et areal på 15x20 meter. Det ble påvist bevart kulturlag med en tykkelse på nær 10 cm. Det ble funnet forekomster av flintavslag i kulturlaget hvorpå noen var sterkt varmpåvirket/krakelert. Det ble også funnet et større fragment av en slipt skiferspydspiss med hengende agnorer. Basert på strandlinjeforskynningen gir lokalitetens høyde over havet en grov datering til 4000 - 200 BP. Funn av den slipte skiferspissen, ilag med gjennomgående små flintavslag, bygger oppunder observasjonen og det vil være nærliggende å datere lokaliteten til en sen fase av neolittikum.
144863	Bosetning-aktivitetsområde	Fiskå	10/5	Lokaliteten ble påvist på en svakt hellende og sørvendt gressmark som leder omm mot en høyderykk hvor det står et hus. Ryggen er kunstig - det vil si at den ble fylt opp da huset ble bygget. Lokaliteten strekker seg over større deler av den øvre flaten som ligger tett opp mot ryggen hvor bolighuset står - dekker et areal på ca 35x15 meter. Under pløyelaget ble det påvist funnførende kulturlag i flere prøvestikk. De små, sparsomme forekomstene av flint og bergkrystall, kan tyde på en sen fase av yngre steinalder/sen neolittisk tid.
144865	Bosetning-aktivitetsområde	Fiskå	11/245, 11/6	Ved sjaktning ble det funnet flere strukturer. Den største var mest sannsynlig en kokegrop. Det ble også funnet strukturer som lignet stolpehull, men disse ble ikke snittet. I en sjakt ble det muligens funnet en rydningsrøys. Men det utelukkes ikke at det kan ha vært en gravrøys som har blitt skuflet vekk under pløyning. I massene ved røysa ble det rensket frem et bryne. Det er av skifer, ca 17 cm langt og brukt på alle fire sidene.
144867	Bosetning-aktivitetsområde	Fiskå	10/14	Lokaliteten kalles én lokalitet, men er egentlig to enkeltstående strukturer funnet i to forskjellige sjakter, og med en funntom imellom. Funnene er likevel så likeartede og nære hverandre at de er benevnt slik. Det dreier seg om to kullfalk, tolket som ildsted. Ikke langt unna ildstedene ble det gjort funn av en ødelagt mulig pilspiss i jern med metalldektektor, og ca 40 meter unna ble det funnet et blysegl på samme vis.
144869	Bosetning-aktivitetsområde	Fiskå	10/23, 10/3	Ved sjaktning ble det undersøkt og snittet fire mulige stolpehull. Matjordslaget var meget tynt, og ellers i sjakta var det mange moderne forstyrrelser iform av veiter, plogspor og annet. Det var vanskelig å avgjøre om disse sporene virkelig hørte sammen, eller om de var tilfeldige spor. Det var spor etter mulig eldre dyrkningslag, i og rundt lokaliteten. Alt i alt utgjør lokalitet 6 en tvilsom lokalitet.
150761	Bosetning-aktivitetsområde	Tunheim	16/73, 16/72, 16/61	Sjakt 1 str 1-8, derav to naturlege. Groper /grøft/stolpehol/moglege stolpehol. Ingen dateringsprøver. Sikker. Ligg grunt. Avgrensing sikker mot NV er start veg i bakke opp mot hus på bnr 56. Avgrensing sikker mot SA er plangrense - byte mot 16/23-24. mot NA plangrense (dvs ikke avgrensa). Mot SV eksisterande veg. Beskrivelse fra Enkeltminne: str 2 stolpe - ingen dateringsprøver
150763	Bosetning-aktivitetsområde	Tunheim	16/123, 16/122, 17/3, 17/12	Sjakta er orientert Nv-SA, parallell med eksisterande veg. Påviste strukturar str 9- 27, dvs 18 påviste strukturara, derav ei rekke stolephol, er konsentrert i nordvestre halvdel av sjakta. Funne ved sjaktning på tunnær innmark. Sjakta ligg på gnr 16 bnr. Området er mot NV truleg avgrensa av jordarbeid i skråning på bnr 123. Avgrensing mot SA er rekna funntubreiing i sjakt. Avgrensing mot NA er ikke søkt (førebels avgrensinger plangrense). Møt SV avgrensa av markagrensa mot veg (mogleg at her går ei drenggrøft i veg - i såfall utgjør denne grensa).
150764	Dyrkingsspor	Tunheim	17/3, 17/12	Fosilt dyrkningslag 3 faser. Ca 23 meter langt og til sammen 120 cm dypt (fra torva til undergrunn) i vest, ardsplor i søraust. Påvist tidfesting frå overgangen SN-EBA og FRJ. Avgrensing fossilt dyrkningslag 2/3 stk mot NV plangrense (ikkje reell avgrensing)/samt 19 m SV i sjakt 7.
161116	Bosetning-aktivitetsområde	Sandvik	148/3	3 mindre kokegroper i sjakt 7 samt fossilt dyrkningslag sjakt 4,7 og 8. sistnemnde overskore av ei opa veite. Bergrikt område. Avgrensa av negative deler av sjakter og lende.
161121	Bosetning-aktivitetsområde	Sandvik	148/3, 148/1	Kokegrop str 8-1 og hellelegging str 8-2 i sjakt 8

ASKID – liste kulturminne kapittel 1

ASKID	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	GARDSNAMN	EIGEDOM	SKILDRING (UTDRAG FRÅ ASKELADDEN)
161126	Bosetning-aktivitetsområde	Sandvik	148/3, 147/2	To positive prøvestikk AT32 og AT52. AT32 : i botn av lag 1 kjem store kolbitar over ei stor blokk kvarts i del av i prøvesticket, under lag 1 eit 16 cm tjukt svart kolhaldig lag - kan vere str . td. kokegrop. Her er ikke tilgjengeleg med maskin. Avgrensa av negative stikk A51 i Sa og AT 37 i A, samt av terreng i nord, vest og sør.
161127	Dyrkingsspor	Sandvik	148/3	Beskrivelse fra lokalitet: Kolhaldig lag - fossilt - påvist i dei 4 prøvestikka TD9, AT41-43 (lag 2 med untag av ps AT43 som har ei rasmasseoverdekning som lag 1 og der det aktuelle laget altså er lag 3, samt inngår i beksirvelsen av lag 1 for AT41. Beskrivelse fra Enkeltminne: 0,5- 5 cm tjukt fossilt lag – trekolhaldig - i prøvestikk TD9 (lag 2), AT41 (lag 1 i del av av stikk), AT42 (lag 2) og AT43 (lag 3).
170083	Dyrkingsspor	Tunheim midtre	17/3, 17/12	Beskrivelse fra lokalitet: Ardsplor i sørenden av sjakt 7. Tidlegare innlagt med idnr 160327 som det også står i rapport. Beskrivelse fra Enkeltminne: Ardsplor - moglegvis av same tidfesting som nedre fossile dyrkningslag lenger nord (18809-1710 å f. Kr. f.
211770	Bosetning-aktivitetsområde		114/1	Det ble kun påtruffet rester etter eldre kulturlag på ett sted, i området hvor sjakt E krysser sjakt F. I sentrum av dette lå en delvis nedgravet steinpakning orientert NNØ-SSV i lengderetningen. Opprinnelig lå en lav, NS - gående rygg 5-6 m . Ø for stenpakningen. Lars Lianes 114/4 opplyser at det sto inn van V for denne ryggen "i gamle dager" og at det her lå et båtstø med retningen ca N-S. Denne stenpakningen er derfor trolig de siste rester av den ene båtstørekken. Lengde, NNØ-SSV: 1,25 m. Bredde: 35 cm.
227167	Tradisjonslokalitet		71/13	St. Jetmundsteinen, sjå kap 7, nr 7.2.
266656	Funnsted		107/4	Gjennom arbeid med ein veg på området, vart det funne ei mindre steingryte/bolle. Den er rund og på omlag 10 cm i diameter. Bollen inneheld ein del samd og støv, som vart teke vare på. Funnet vart gjort i ei urd eller fjellhammar. Her skal det ha gått eit ras på 1700-talet
272099	Branngrav	Sørdal	90/2	Grava i Rasmusgarden i Saurdalen vart undersøkt i 1929. Den vart oppdaga av Rasmus Sørdal, då han skulle lage en mindre åker i en alder av 10 år. Gjenstandane som er henta ut frå grava er merka med Å1542 på Sunnmøre museum. Grava er ei «branngrav» frå 900-talet, yngre vikingtid. Gjenstandane mannen er gravlagd saman med, fortel litt om kven han var: pilspissane vart nytta til hjortejakt og fortel at han var ein god jeger, sigden vitnar om ein god bonde. Sverd, øks og skjoldbul indikerer at han var ein velhalden mann. Sjølve grava er lokalisert ved bautaen som står ved hengebøken i tunet i Rasmusgarden. På denne tida gjekk truleg vatnet lenger opp, slik at knausen ved grava låg heilt i vasskant-en.

2. Gardstun og bygningar knytt til gardstunet

ID NR.	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	LOKALISERING	SKILDRING	KILDE
2.1	Gardstun, Nordre Årøy	Fiskå, gbnr 12/1, 4 og 5	Tre gardstun med fleire eldre bygningar, Sefrak id nr 1511-0003-012 til- 022. stovehus, eitt stabbur, eldhus, løde, geitfjøs, kverner og smie	Vedlegg 5a og b Sæter 1980
2.2	Gardstun, Birkedalstunet	Thue, gbnr. 71/55	Samanbygd stove og uthus. Sefrak id nr 1511-0008-001 og-002.	Vedlegg 6 Sæter 1981
2.3	Gardstun, Bøen	Almklovdalen, gbnr 56/1 og 2	Sefrak id nr 1511-0009-056 til- 057 og -059 til- 060, Ask id nr 87644 (automatisk freda grindløe). Med i Regional delplan for kulturminne MRF (MR 2015:ID 871).	Sæter 1981
2.4	Gardstun, Torestøylen	Norddal, gbnr 86/7	Tun med stove (bygd 1903), stabbur og fjøs (bygd 1907). Stabbur-Sefrak id nr 1511-0011-057.	Fiskå 1983
2.5	Gardstun, Deplane/ Steinså	Sørdalen, gbnr 91/3	Grisehus og eldhus (1800-talet, 4. kvartal) i stein. Sefrak id nr 1511-0013-057).	Fiskå 1983
2.6	Gardstun, Hundsnes	Hundsnes, gbnr 6/3	Våningshus, fjøs og stabbur.	Sæter 1980
2.7	Gardstun, Åram	Åram, gbnr 138/5	Nytt våningshus og fjøs på byrjinga av 1900-talet.	Rabben 1976
2.8	Gardstun, Koparnes	Koparnes, gbnr 105/4	Tidsriktig tun frå 1940-talet.	Fotefar 2018 Fiskå 1983
2.9	Gardstun, Sandnes	Sandnes, gbnr 103/14	Tidsriktig tun frå 1950-talet.	Fiskå 1983
2.10	Gardstun, Skalde	Sylte, gbnr 33/3	Tidlegare futegard, skal ha vore arrest i kjellaren på stovebygningen. Vedtaksfreda steinfjøs, Ask id nr 87296-2. Føreslått verna i Regional delplan for kulturminne MRF (MR 2015:ID 879).	Sæter 1981
2.11	Fleire gardstun Hakallestranda	Hakallestranda, gbnr 150 og 151	Fleire mindre steinbygningar i området. Ask id nr 227390, Sefrak id nr 1511-0005-001 til-006 og 1514-0005-015 (naust). Føreslått verna i Regional delplan for kulturminne MRF (MR 2015:ID 873).	Rabben 1976
2.12	Gardstun, Bakken	Norddal, gbnr 84/4	Stove og fjøs frå 16- og 1700-talet. Sefrak id nr 1511-0011-018 og -019.	Fiskå 1983
2.13	Gardstun, Amundgarden	Norddal, gbnr 86/32	Truleg det eldste tunet i dalen, var klyngetun her. Stovehus og stabbur, Sefrak id nr 1511-0011-043.	Fiskå 1983
2.14	Gardstun Øvrebø	Syvde, Gbnr 93/1	I 1888 flytta dei huset på bruket frå gamletunet til Gullbringeheugen, der dei bygde nytt tun. Løa er frå 1807, stabbur frå før 1900. Sefrak id nr 1511-0013-007 og -008. Også murar etter smie og kvernhus vest for tunet, Sefrak id nr 1511-0013-006 og -009.	Fiskå 1983
2.15	Gardstun, Vedelda	Rovde, gbnr 112/2	Stovehus og stabbur. Sefrak id nr 1511-0017-047 og -048.	Rabben 1977
2.16	Gardstun, Bakkegarden	Norddal, gbnr 86/6	Gammalt tun med stovehus, stabbur og fjøs/løe. Stovehus bygd 1906, elles er husa frå 1800-talet. Sefrak id nr 1511-0011-049 og -050.	Fiskå 1983
2.17	Gardstun, Haukeland	Haukeland, gbnr 74/5	Våningshus og fjøs med låvebru bygd av naturstein/ natursteinsmur. Naust ved sjøen, nr 6.13.	Fiskå 1983
2.18	Gardstun, Almklovtunet	Almklovdalen, gbnr 55/1	Mogleg det eldste tunet i dalen. Fjøs- sefrak id nr 1511-0009-055.	Sæter 1981
2.19	Gardstun, Gusdal	Gusdal, gbnr 49/2	Stovehus, fjøs, hestestall, eldhus og stabbur. Sefrak id nr 1511-0009-012 til-016.	Sæter 1981
2.20	Lensmannsgarden Fredsvoll	Fiskå, gbnr 11/217	Ingebrikt O. Follestad var lensmann i Vanylven frå 1846-1863. Han kjøpte garden som fekk namnet Fredsvoll, våningshuset som står på garden i dag er bygd i 1865. Sefrak id nr 1511-0002-020.	Fotefar 2017 Sæter 1980
2.21	Gardstun, Tverberg	Nordal, gbnr 85/1	Fjøs og kårhus frå siste halvdel av 1800-talet. Sefrak id nr 1511-0011-066 og -067.	

ID NR.	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	LOKALISERING	SKILDRING	KILDE
2.22	Gardstun Krabbestien. Fattighusa	Gbnr 136/ 8 og 9	Småbruk i bratt og steinete terreng. Våningshus på bruk nr 8 er datert til 1600-talet. Løe og våningshus på bruk nr 8 frå 1800-talet, 4. kvartal og 1900- talet, 2. kvartal.Sefrak id nr 1514-0004-018 til -020.	Rabben 1976
2.23	Gardstun, Midtre Tunheim	Tunheim, gbnr 17/5	Gardstun med «lån» og stabbur (Sefrak id nr 1511-0004- 014 og -015. Sjøbud ved sjøen nytta til handel (Nr 9.7, Sefrak id nr 1511-0004- 079). Sjå kap. 9.	Sæter 1980
2.68	Gardstun, Lianes, Knardal	Rovde, gbnr 114/4	Våningshus bygd 1881, opphavleg saltak, ombygd 1931 til mansardtak. Sefrak id nr 1511-0016-011.	Rabben 1977
9.6	Gardstun, Thue	Thue, gbnr 71/5	Vanylven første handelsslag heldt til i stabburet på garden. Sjå kap 9	Sæter 1981
14.1	Gardstun, Store Rovde	Rovde, gbnr 116/5	Barndomsheimen til P.M. Røwde. Sefrak id nr 1511-0016-042 til -044. Sjå kap. 14.	Rabben 1977, Fotefar 2011

VÅNINGSHUS

ID NR.	KULTURMINNE/ KULTURMILJØ	LOKALISERING	SKILDRING	KILDE
2.24	Røykstove, Åhaugen	Almklovdalen, gbnr 62/1	Vedtaksfreda, Ask id nr 87298. Sefrak id nr 1511-0009-002. Med i regional delplan for kulturminne i MRF (2015: ID 889).	Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 1989
2.25	Sunnmørsstove, Rovde	Rovde, gbnr 116/1	Sefrak id nr 1511-0016-036. Datering 1800-talet, 3. kvartal.	
2.26	Våningshus, Arset	Åram, gbnr 137/10	Spesielle murar, her budde ein som var flink å mure. Sefrak id nr 1514-0004-011. datering 1800- talet, 4.kvartal.	Rabben 1976
2.27	Throndsensstova	Eidså, gbnr 100/10	Flytta frå husmannsplass på Sætre (78/1). Madam Throndsen budde i denne etter ho vart enkje. Huset var også i ein periode bustad for Frøken Øye, som var jordmor og vert også kalla «Jordmorhuset».	Tidsskrift for VS 1986
2.28	Stovehus, Hola	Thue, gbnr 71/24	Sefrak id nr 1511-000-8017, datering 1800-talet.	
